



Innkalling for Kommunestyret i Radøy

Møtedato: 27.10.2016

Møtestad: Kommunestyresalen

Møtetid: 14:00

Saksliste:

Saksnr	Tittel
052/2016	Meldingar og referatsaker
053/2016	Forvaltningsrevisjonsrapport "Rutinar for oppfølgingsarbeidet i barneverntenesta i Radøy kommune"
054/2016	Interkommunalt arkiv Hordaland - endring i selskapsavtale
055/2016	Søknad om fritak politiske verv - suppleringsval
056/2016	Val av medlemmer til forliksrådet for Austrheim, Fedje og Radøy
057/2016	Tilstandsrapport for grunnskulen i Radøy 2016
058/2016	Medlemskap i Region Bergen Reiseliv
059/2016	Tertialmelding januar - august 2016
060/2016	Overtaking av eigarskap for Bogatunet og Syltastova
061/2016	Plansak 12602015000200 - detaljregulering - Mangerøy industriområde - Kjebogen - Godkjenning
062/2016	Kommunal planstrategi Radøy kommune 2016 - 2020 - Vedtak

Den som har lovleg forfall eller er ugild i nokon av sakene må melda i frå til kultur- og sørvistorget så snart som råd, tlf 56 34 90 00. Varamedlemmer møter etter nærmere innkalling.

22. oktober 2018

Jon Askeland
ordførar

Arthur Kleiveland
møtesekretær

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
052/2016	Kommunestyret i Radøy	PS	27.10.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	16/1840	16/13231

Meldingar og referatsaker

Saksopplysingar:

Det vert lagt fram følgjande meldingar og referatsaker:

- a. Ny kommunestruktur i Hordaland – Fylkesmannen i Hordaland si tilråding
- b. Fylkesmannen sin framtidige struktur – innspel frå Fylkesmannen i Hordaland
- c. Nyhetsbrev UDI regionkontor Vest – oktober 2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering

Vedlegg:

Ny kommunestruktur Hordaland_Fylkesmannen si faglege tilråding

Innspel fylkesmannens framtidige struktur 14.10.16

Nyhetsbrev UDI RKV oktober 2016

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
053/2016	Kommunestyret i Radøy	PS	27.10.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
	16/50	16/13356

Forvaltningsrevisjonsrapport "Rutinar for oppfølgingsarbeidet i barneverntenesta i Radøy kommune"

Saksopplysingar:

Kontrollutvalet bestilte i sak 05/16 (22.02.2016) prosjektplan for forvaltningsrevisjon av barneverntenesta i Radøy kommune. Rapporten har undersøkt kva system som er etablert for å følgja opp barn i fosterheim og har hatt desse problemstillingane:

Har barnevernstenesta i Radøy kommune eit system for oppfølging av barn i fosterheim, og sikrar systemet barna nødvendig hjelp og omsorg til rett tid?

1. I kva grad legg barnevernstenesta til rette for at fosterheimspllasseringa skal fungera etter sitt formål?
2. I kva grad får barnevernstenesta systematisk informasjon om barnet sin situasjon og utvikling, og vert informasjonen vurdert i forhold til omsorgsplanen?
3. I kva grad samarbeider barnevernstenesta med andre instansar for å sikra ei systematisk og planmessig oppfølging av barn i fosterheim?

Konklusjonane i rapporten peikar mellom anna på at barneverntenesta i Radøy kommune har eit system for å følgja opp barn i fosterheim. Systemet synleggjer i variert grad kva som er spesielt med barn sine særskilde behov, og kva betydning særskilde behov kan ha for barnet i samband med overgangar i barnet sitt liv. Utover rutinar for bruk av omsorgsplanar har ikkje systemet rutinar for å gjera bruk av arbeidsplanar og individuelle planar.

På grunnlag av konklusjonane har revisjonen følgjande tilrådingar til barneverntenesta i Radøy kommune:

- Barnevernstenesta bør sikra at rutina for utarbeiding av omsorgsplanar skildrar kravet om synleggjering av det spesielle ved barn sine særskilde behov, og betydninga dette kan ha i samband med overgangar i livet.
- Barnevernstenesta bør nedfella praksis for å kartlegga barn og fosterforeldre sine hjelpebehov, samt praksis for å gje opplæring om det enkelte barn til fosterforeldre, i ein

skriftleg rutine.

- Barneverntenesta bør skildra betydninga av «å se hen til omsorgsplanen» i rutina for fosterheimsbesøk, og slik sikra god vurdering av barnet sin situasjon og utvikling opp i mot mål i omsorgsplanen.
- Barneverntenesta bør vurdera kva som er hensiktsmessig bruk av planverktøy for å føra kontroll med mottak av tilsynsrapportar, som også gjev informasjon om korleis tilsynsrapportar skal følgjast opp.
- Barneverntenesta bør vurdera kva som er hensiktsmessig bruk av planverktøy, for å synleggjera og styra kortsiktig og langsiktig innsats i samband med oppfølging av barn under omsorg av barneverntenesta, og utarbeida rutinar for dette.
- Barneverntenesta bør utarbeida skriftlege rutinar for å vurdera om barn under omsorg av barneverntenesta har behov for langvarig og koordinerte tenester, og sikra at det vert utarbeidd individuell plan for barn som har behov for dette.

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak i kommunestyret:

Kommunestyret tek forvaltningsrapporten «Rutinar for oppfølgingsarbeidet i barneverntenesta i Radøy kommune» til orientering og ber om at rådmannen kjem med ei tilbakemelding om oppfølgingstiltak innan oktober 2017.

Vedlegg:

Forvaltningsrapport Barnevern Radøy 2016 - Fullstendig rapport_

Særutskrift sak 29.16 Forvaltningsrevisjonsrapport barnevernstenesta_2016 10 20

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
077/2016	Formannskapet i Radøy	PS	29.09.2016
054/2016	Kommunestyret i Radøy	PS	27.10.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Jarle Landås	14/989	16/10910

Interkommunalt arkiv Hordaland - endring i selskapsavtale

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS, vart organisert som et IKS i 2002. I 2015 hadde selskapet 32 eigarar. Eigarkommunane heftar for ein eigarandel etter ein fordelingsnøkkel vedteke på representantskapsmøte i 2002 og gjort gjeldande frå 1.1.2003. Eigardelen til den enkelte kommune er beskrive i selskapsavtalen sin § 5, Tilskotsplikt og eigarandel.

I følgje selskapsavtalen § 5 skal eigardelane justerast kvart fjerde år som eit resultat av endringar i folketal, betalt innskot, og ved inn- og utmelding, slik at det er samsvar mellom kommunestorleik og eigarandel i selskapet. Det har i tida fram til 31.12.2014 ikkje vore endringar i folketal, betalt innskot eller utmelding frå selskapet, som har kravd at eigardelane og selskapsavtalen har måtte endrast. Etter 31.12.2014 fekk tre eigarkommunar endra sin eigardel som følgje av endringar i folketal. Desse er Fitjar, Radøy og Sveio.

Etter 2015 er det difor ikkje samsvar mellom folketal og eigardel i IKAH. Representantskapen i IKAH har gjort vedtak om at det skal fremjast sak om ny fordelingsnøkkel og eigardel som betre gjenspeglar kommunestorleik. Saka skal leggjast fram til ordinært representantskapsmøte på Solstrand 25 april. 2017.

Med dette som utgangspunkt, og tilbakemelding frå ein eigarkommune om å utarbeida ein ny fordelingsnøkkel som betre gjenspeglar kommunestorleiken, fremjar Representantskapen i Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS framlegg om følgjande:

1. *Representantskapen vedtek justeringa i eigardelane og gjer dei gjeldande frå 01.01.2017 med etterhald om godkjenning i kommunestyra. Representantskapen gjev styret i oppdrag å førebu saksframlegg til dei enkelte kommunestyra.*

Askøy kommune	4,49	Jondal kommune	1,92	Samnanger kommune	1,92
Austevoll kommune	2,78	Kvam kommune	3,63	Stord kommune	4,49
Austrheim kommune	1,92	Kvinnherad kommune	4,49	Sund kommune	3,63
Bømlo kommune	4,49	Lindås kommune	4,49	Sveio kommune	3,63
Eidfjord kommune	1,92	Masfjorden kommune	1,92	Tysnes kommune	1,92
Etne kommune	2,78	Meland kommune	3,63	Ullensvang herad	2,78
Fedje kommune	1,92	Modalen kommune	1,92	Ulvik herad	1,92
Fitjar kommune	2,78	Odda kommune	3,63	Vaksdal kommune	2,78
Fjell kommune	4,49	Os kommune	4,49	Voss kommune	4,49
Fusa kommune	2,78	Osterøy kommune	3,63	Øygarden kommune	2,78
Granvin herad	1,92	Radøy kommune	3,63	Sum:	100 %

2. Representantskapen vedtek at det skal fremjast sak til ordinært representantskapsmøte i 2017 om ny fordelingsnøkkel og eigardel som betre gjenspeglar kommunestorleik.

Vedtaket var einstemmig.

Økonomiske konsekvensar

For eigarane har endringa av selskapsavtalen ingen direkte økonomisk konsekvens, utover det ein ytte i tilskot pr. 01.01.2016, og det som er vedteke av Representantskapen for 2017.

Konsekvensar av eit negativt vedtak

Ifølgje lov om interkommunale selskap § 4 skal endringar i selskapsavtalen, mellom anna endringar i eigardelane, godkjennast i alle eigarane sine kommunestyre.

Ein endra selskapsavtale for IKA Hordaland er ikkje gyldig før alle eigarar sitt øvste politiske organ gjer eit likelydande positivt vedtak og Brønnøysundregistrene har skrive firmaattest. Skulle eitt av kommunestyra ikkje godkjenna ny selskapsavtale gjeldande frå 01.01.2017, vil den gamle selskapsavtalen framleis gjelda, men ein vil då ikkje lenger ha samsvar mellom eigarandel og folketal i kommunen.

Vurdering:

Radøy kommune sin eigardel i IKAH var 2,83 prosent i 2015. Auke i folketalet i Radøy (over 5000 innb.) og i to andre kommunar medfører at eigardelane og dermed selskapsavtalen må endrast. For Radøy sin del utgjer eigardelen i selskapet no 3,63 prosent.

Rådmannen er tilfreds med at representantskapen i IKHA har gjort vedtak om at det neste år skal fremjast sak om ny fordelingsnøkkel og eigardel som betre gjenspeglar kommunestorleik.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner *Selskapsavtale for IKA Hordaland IKS, gjeldande frå 1.1.2017.*

Formannskapet i Radøy - 077/2016

FS - handsaming:

Kenneth Taule Murberg (H) er Radøy sin medlem i representantskapen i Interkommunalt Arkiv Hordaland IKS. Han orienterte frå styremøte i IKAH og meiner det vil vera naturleg å invitera dagleg leiar til å presentera verksemda for dei folkevalde i Radøy. Murberg peika mellom anna på

utfordringar som må løysast knytt til arkiv i samband med ny kommune.

Formannskapet vedtok samråystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

Kommunestyret godkjenner *Selskapsavtale for IKA Hordaland IKS, gjeldande frå 1.1.2017.*

Vedlegg:

IKAH_Selskapsavtale pr. 01.01.2017

IKAH_Selskapsavtale pr. 01.08 2016

IKAH _ representantskapsmøte 2016 _ signert dokument

Endring i eigardel - Interkommunalt arkiv i Hordaland (L)(64929)_

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
089/2016	Formannskapet i Radøy	PS	19.10.2016
055/2016	Kommunestyret i Radøy	PS	27.10.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	16/1497	16/12981

Søknad om fritak politiske verv - suppleringsval

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Gro Kolstad har meldt frå om at ho ikkje ønskjer å ha kommunale verv i Radøy kommune denne perioden. Ho er i dag eitt av tre kommunalt valde medlemer i styret i Vestnorsk Utvandringssenter og 3. varamedlem til Representantskapen i stiftinga Kystsogevegene.

Gro Kolstad er innvalt i dei aktuelle verva som representant for Venstre, men ho har meldt frå om at ho har meldt seg ut av partiet.

Dersom Gro Kolstad sin søknad om fritak frå politiske verv innvilga, må det gjerast suppleringsval til dei verva Kolstad er medlem i.

Kommunestyret skal avgjera søknaden om fritak, og skal også gjera suppleringsval i verva som medlem i styret for Vestnorsk Utvandringssenter og som 3. vararepresentant til Representantskapen i stiftinga Kystsogevekene.

Det er formannskapet som valnemnd som kjem med innstilling på nye kandidatar ved eit suppleringsval.

Valnemnda sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet i Radøy - 089/2016

FS - handsaming:

Kenneth Taule Murberg kjende seg ugild på grunn av nært slektskap, og formannskapet (valnemnda) kjende han inhabil. Han deltok ikkje i handsaminga av saka.

Gro Kolstad var valt inn for Venstre i dei ulike verva. Difor var det semje om at Venstre også skulle få

supplera plassane etter Kolstad.

Venstre har kome med følgjande kandidatar til suppleringsval:

Som medlem i styret for Vestnorsk Utvandringssenter blir Bjørg Taule Murberg valt.

Som 2. varamedlem til Representantskapen for stiftinga Kystsogenvekene vert Bjørg Taule Murberg valt.

Som 3. vararepresentant til styret i Radøy kunstsenter vert Frode Hervik valt.

Formannskapet (valnemnda) kjem med følgjande samråystes tilråding:

Gro Kolstad får fritak for politiske verv for resten av valperioden.

Det vert gjort følgjande suppleringsval:

Som medlem i styret for Vestnorsk Utvandringssenter vert Bjørg Taule Murberg valt.

Som 2. varamedlem til Representantskapen for stiftinga Kystsogenvekene vert Bjørg Taule Murberg valt.

Som 3. vararepresentant til styret i Radøy kunstsenter vert Frode Hervik valt.

FS - vedtak:

Gro Kolstad får fritak for politiske verv for resten av valperioden.

Det vert gjort følgjande suppleringsval:

Som medlem i styret for Vestnorsk Utvandringssenter vert Bjørg Taule Murberg valt.

Som 2. varamedlem til Representantskapen for stiftinga Kystsogenvekene vert Bjørg Taule Murberg valt.

Som 3. vararepresentant til styret i Radøy kunstsenter vert Frode Hervik valt.

Vedlegg:

Vedk verv for Radøy kommune (L)(95045)

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
076/2016	Formannskapet i Radøy	PS	29.09.2016
056/2016	Kommunestyret i Radøy	PS	27.10.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
	15/1727	16/12196

Val av medlemmer til forliksrådet for Austrheim, Fedje og Radøy

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Kommunestyra i kommunane Austrheim, Fedje og Radøy har oppretta eit felles forliksråd som er slik samansett:

Radøy kommune - to faste representantar og 2. vararepresentant
Austrheim kommune - ein fast representant og 3. vararepresentant
Fedje kommune – første vararepresentant.

Domstollova § 27 bestemmer samansetjinga av forliksråda. Forliksrådet skal ha 3 medlemer og like mange varamedlemer. Mellom medlemene og varamedlemene skal det vera både kvinner og menn. Varamedlemene vert tilkalla i den rekkefølgje dei er oppnemnde.
Kommunestyret vel eit av medlemene til leiar.

Forliksrådsmedlemene er dommarar, og domstollova § 53 gjeld difor også for dei. Medlemene må vera norske statsborgarar, ha fylt 25 år, vera under 70 år ved starten av valperioden og beherska godt norsk skriftleg og munnleg. Valet gjeld for perioden fram til 31.12.2020.

Fylkesmannen skal godkjenna val av forliksråd.

Departementet gjer merksam på at forliksråda i vår rettergangsordning har ei viktig og krevjande oppgåve. For at dei skal kunna løysa oppgåva, er det difor nødvendig at det til medlemer berre vert vald personar som i "enhver henseende" er skikka til vervet.

Departementet finn grunn til å understreka at val av forliksråd ikkje er val av eit politisk råd eller utval, og at ein ved valet tek omsyn til personlege føresetnader og eigenskapar. Vidare er det avgjerande å bevara kontinuiteten i forliksrådet og såleis ikkje skifta ut heile forliksrådet på ein gong.

Radøy sin medlemmer i forliksrådet er inneverande valperiode Olav Steinar Namtvedt (leiar) og

Birthe H. Frotaule (styremedlem). Audun Sylta er 2. vararepresentant.

Olav Steinar Namtvedt og Birthe H. Frotaule har sagt seg villige til å vera med vidare i forliksrådet.

Audun Sylta har meldt frå at han ikkje vil halda fram som 2. vararepresentant.

Saka vert lagt fram for valnemnda, som skal koma med si tilråding til kommunestyret.

Formannskapet skal i eigenskap av valnemnd leggja fram forslag på medlemmer til forliksrådet for Austrheim, Fedje og Radøy for perioden 1.1. 2017 – 31.12. 2020.

Valnemnda sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet i Radøy - 076/2016

FS - handsaming:

Silje Namtvedt (Sp) kjende seg inhabil i saka. Formannskapet kjende Namtvedt inhabil, og ho deltok ikkje i handsaminga.

Det vart sett fram følgjande framlegg på kandidatar til forliksrådet for Austrheim, Fedje og Radøy:

Medlemer: Olav Steinar Namtvedt, Birthe H. Frotaule

2. varamedlem: Finn Frantzen

Olav Steinar Namtvedt vert leiar i forliksrådet.

Valnemnda vedtok samrøystes framlegg sett fram i møtet.

FS - vedtak:

Følgjande vert valde som Radøy kommune sine medlemer i forliksrådet for Austrheim, Fedje og Radøy:

Olav Steinar Namtvedt, Birthe H. Frotaule

2. varamedlem: Finn Frantzen

Olav Steinar Namtvedt vert leiar i forliksrådet.

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
091/2016	Formannskapet i Radøy	PS	19.10.2016
057/2016	Kommunestyret i Radøy	PS	27.10.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Jo Bjarte Tømmerbakke	14/755	16/12925

Tilstandsrapport for grunnskulen i Radøy 2016

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Det er fastsett i opplæringslova og privatskulelova at skuleigarar pliktar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. I Stortingsmelding nr. 31 (2007-2008) går det fram at det er viktig at styringsorgana i kommunar og fylkeskommunar har eit bevisst og kunnskapsbasert forhold til kvaliteten på grunnopplæringa. Dette er nødvendig for å følgje opp utviklinga av sektoren på ein god måte. Rapporten om tilstanden (tilstandsrapporten) i opplæringa skal omhandle læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftast av skuleigaren, dvs. kommunestyret, fylkestinget og den øvste leiinga ved dei private grunnskulane (jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd).

Tilstandsrapporten er eit sentralt element i det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet. Regjeringa har fastsett mål knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø som grunnlag for å vurdere kvaliteten i grunnopplæringa, jf. St.meld. nr 31 (2007-2008). Til dei nasjonale målsetjingane har regjeringa sett opp indikatorar som skal gi grunnlag for å vurdere kor langt skuleigaren er kome i å nå måla.

Tilstandsrapporten skal som eit minimum omtale læringsresultat, fråfall og læringsmiljø, men kan byggjast ut med annan omtale som skuleigaren meiner er føremålstenleg ut frå lokale behov. Det er data frå Skoleporten som hovudsakleg skal brukast som grunnlag for skuleigaren si vurdering av tilstanden, men det følgjer av St.meld. nr. 31 (2007-2008) at skuleigarar og skular blir oppmoda til å føre opp konkrete målsetjinger for kva dei skal oppnå innanfor dei målområda som er sette opp.

Den plikta skuleigaren har til å utarbeide årlege rapportar om tilstanden i opplæringa, er ein del av oppfølgingsansvaret knytt til det generelle systemkravet (internkontroll), jf opplæringslova § 13-10 andre ledd og privatskolelova § 5-2 tredje ledd. Ver merksam på at kravet til internkontroll, omfattar alle pliktene som ligg til skuleigaren etter lov og forskrift. Det generelle systemkravet er derfor vidare enn det tilstandsrapporten dekkjer.

Vurdering

Handteringa av resultata vil i hovudsak blir styrt frå kommunen si side gjennom tiltaksdelen i Kvalitetsmelding 2011 (La linea - tidleg innsats heile vegen). Tiltaksdelen utfordrar til eit breitt tverretatleg samarbeid, og til eit grundig implementeringsarbeid i kvar eining.

Tilstandsrapporten må sjåast på som ei løypemelding inn mot det utviklingsarbeidet som kommunen har sett i gang langs La linea. Kvalitetsmeldinga vart godkjent ultimo april 2011, og er såleis framleis fersk m.o.t. alle tiltaka som er føreslegne.

Tala er på ein del område springande i løpet av perioden, med merkbare endringar frå år til år. Dette heng truleg saman med det relativt låge talet på elevar vi har. Vi har sidan sist gjort elevundersøkinga obligatorisk for alle elevar i kommunen frå 5. - 10. trinn kvart år, for å få eit breiare vurderingsgrunnlag. Pr i dag er elevundersøkinga berre obligatorisk for 7. og 10. årstrinn i alle kommunar, medan det er valfritt å ta med dei andre trinna frå 5. - 10. trinn.

Når ein jobber med kvalitetsutvikling i skulen, vil det vere viktig å analysere data og resultat på ein grundig og systematisk måte, både kommunen sett under eitt og på kvar einskild skule. I den vidare prosessen med rapporten er følgjande spørsmål viktige å avklare:

- Kan resultata forklarast med utgangspunkt i dei forutsetningane vi har?
- Kan resultata forklarast med utgangspunkt i måten vi jobbar på?
- Kan resultata forklarast med utgangspunkt i det vi ikkje gjer?

Betre resultat i Radøy skulen i framtida handlar om:

- Systematisk, metodisk, grundig og planlagt arbeid over tid.
- Tiltak basert på forsking, kunnskap og evidens.
- Systemiske prosessar i lærande organisasjonar.
- Kommunikasjon og tillit
- Godt leiarskap

I det vidare arbeidet med kvalitetsutvikling i Radøy skulen ser ein for seg fire fokusområde:

- Skule/heim samarbeid
- Grunnleggjande ferdigheter
- Klassemiljø/læringsmiljø
- Leiing

Elevar og undervisningspersonale

Det er eit mål for Radøy å ha ein tilfredsstillande lærartettleik, dvs. at det ikkje vert for mange elevar pr lærar. Med gjennomgåande små skular vil dette vera ein naturleg konsekvens. Samstundes er Radøy ein økonomisk pressa kommune, og vi verken kan eller bør ta mål av oss til å ha ein lærartettleik som er langt større en fylke/landsnivå. Reduksjonen i lærarårsverk dei seinare åra heng delvis saman med reduksjon i elevtalet, men mest av alt på grunn av vedtekne innsparingsmål for Radøy kommune. Frå og med skuleåret 2014/2015 vart den økonomiske ramma til skulen i Radøy redusert tilsvarande 100 rammetimar i budsjettet, noko som tilsvarer ca fire årsverk undervisningspersonale. Vi ser at Radøy no på grunn av nedskjeringane har lågare lærartettleik enn kommunegruppe 10, Hordaland fylke og nasjonalt nivå på ungdomstrinnet og i ordinær undervisning i grunnskulen. Ein annan årsak til dette er ein markant auke i ressursbruk til elevar med særskilde

behov.

Læringsmiljø

Det er ei utfordring når ein skal tolke resultat frå elevundersøkinga at ein ikkje finn normerte skalaer i samfunnsvitskapen. Dette tyder mellom anna at ingen spørsmål er verdifrie, og korleis ein formulerer spørsmåla er med på å forme svara - "som du spør, får du svar". Analyse av kvalitet må byggje på ein analyse av samanheng, og det er naudsynt å finne relevante samanlikningar.

Det er også viktig å hugse på 0,3 regelen om statistisk signifikans. Dette inneber at skilnaden for ein liten kommune som Radøy, med ca 60 elevar pr årstrinn, på dei fleste område må vere rundt 0,3 i den eine eller andre retninga for at det i det heile tatt kan vurderast om ein skil seg frå samanlikningsgruppene, både positivt eller negativt. Med andre ord vil resultatet innafor 0,3 i begge retningar bli rekna som "ingen skilnad" statistisk.

Resultata i elevundersøkinga vert gitt i talindikatorar frå 1 - 5. På spørsmåla om mobbing er det om å gjere å ha lågast mogleg talverdi, medan det i alle dei andre er om å gjere å ha høgast mogleg verdi. Med bakgrunn i dette ser ein at det er liten eller ingen skilnad for Radøy i forhold til samanlikningsgruppene, hverken positivt eller negativt. Med andre ord ligg vi om lag på snittet med resten av fylket og landet forøvrig.

Andel elevar som har opplevd mobbing 2 – 3 gonger i månaden eller oftare

Kommunen og skulane sitt lovpålagte internkontrollsysteem i høve elevane sitt skolemiljø etter kap 9a i Opplæringslova har blitt revidert, oppdatert og vidareutvikla våren 2016. Alle skulane har fokus på dette - både med direkte trivselstiltak, og ved å satse meir på meistring for alle i fag. Viser også her til "La linea -tidleg innsats heile vegen". Der ligg det tiltak som særleg rettar seg inn mot arbeidet med tidleg meistring.

Elles kan ein vise til forsking som viser at antimobbeprogram ikkje er gode nok i seg sjølv. Ei felles forståing mellom alle vaksne partar i skulen for kva som gir auka trivsel for elevane, vil vere eit vesentleg bidrag til generell auka trivsel for barna. Dette inkluderer dei føresette. Ein "hellig allianse" mellom dei vaksne vil kunne avverge intrigar og uheldig framferd på sosiale medier, og også gjere det lettare å løyse slike saker raskt. Sosiale medier er nye arenaer for mobbeaktivitetar, som har gjeve skulane nye og større utfordringar.

For 7. klasse på Radøy i år ser vi at resultatet er 6 % som svarer at dei vert mobba 2 – 3 gonger i månaden eller oftare, noko som er 1,5 % høgare enn landsgjennomsnittet. Med Radøy sine elevtal tilsvarer 1,5 % ein elev. For 5. - 7. steget totalt sett i kommunen er talet 5,9%. Det er berre mindre skilnader mellom skulane i kommunen, og varierer litt frå årssteg til årssteg.

For 10. klasse på Radøy i år ser vi at resultatet er presentert med ei stjerne. Dette tyder at resultatet er så lågt at det ligg under Udir si publiseringsgrense, som vert sett for at ein ikkje skal kunne identifisere einskildelevar i slike undersøkingar. For ungdomsskulen totalt er talet i år 3,3 % som svarer at dei blir mobba 2 – 3 gonger i månaden eller oftare, medan landsgjennomsnittet er 4,2 %.

Resultat

Det er viktig når ein studerer data for Radøy, å sjå resultata opp mot at det er om lag 60 elevar pr

årskull som svarer kvart år. Signifikansen til marginale endringar må vegast opp mot dette. I kommunar på denne størrelsen vil resultat på nasjonale prøvar variere med årskulla, då kvar einskild elev utgjer ein relativt stor prosentdel av sluttresultatet. Kunnskap om dei einskilde årskulla og elevane vil difor vere avgjerande når ein analyserer resultata på nasjonale prøver kvart år. I Radøy skjer den viktigaste analysen på skulenivå, i forhold til korleis kvar einskild elev presterer sett opp mot andre vurderingar av eleven sin kompetanse.

Nasjonale prøvar (NP) i lesing, rekning og engelsk 5. steget

I arbeidet med nytt leseopplæringsprogram, har vi fått sjå skular som har greidd å snu utviklinga og få til tydelege betringar. Det nye forskingsbaserte leseopplegget - der ein både har fokus på byrjaropplæringa og vidare foredling av leseduglik gjennom heile skuleløpet, vil forhåpentlegvis bety ei positiv endring for elevane i Radøy.

I rekning har ein hatt ei fin utvikling dei seinare åra. Særleg gledeleg at vi dei siste åra har færre elevar på nivå 1 enn tidlegare, og fleire på nivå 3. Regionalt er matematikk eit satsingsområde i tida framover, og her lokalt i Nordhordland har ein jobba med å utarbeide eit tilbod om vidareutdanning i matematikk for barnetrinnet i samabeid med NLA på Breistein.

I engelsk har ein og hatt ei fin utvikling dei siste åra. Vi har færre elevar på nivå 1, som er lågaste nivå, enn alle referansegruppene, men vi har og færre elevar på nivå 3.

Nasjonale prøvar (NP) i lesing, rekning og engelsk på ungdomssteget

På ungdomstrinnet ser vi litt varierande resultat dei siste åra. Endringane frå år til år er likevel så marginale at det er vanskeleg å trekke konklusjonar hverken i den eine eller den andre retninga, sjølv om årets resultat er noko betre enn for skuleåret 2014/2015.

I matematikk på 8. trinn har ein hatt ei positiv utvikling frå 2014 - 2016. Eit poeng er det at ein har fått litt færre elevar på dei to lågaste nivåa inneverande skuleår.

Det er viktig å ha klart før seg at testinga vert utført om hausten i 8. klasse. Arbeidet med å styrkja desse resultata må såleis setjast inn på mellomsteget i Barneskulen. Det er ønskjeleg frå staten si side å styrkja lærarane sin matematikk- og realfagkompetanse, og difor har kommunen prioritert å godkjenne søknadar om vidareutdanning i matematikk og naturfag gjennom den statleg finanserte ordninga.

Utviklinga i engelsk dei siste åra er blanda, men med ein liten tilbakegang inneverande skuleår. Vi har framleis for mange elevar på nivå 1 og 2. Det er ikkje enkelt å hente dette inn att så seint i skuleløpet. På desse nivåa kan ein finne mange elevar som har gått over tid og ikkje meistra.

Motivasjonsslitasje kan utgjere eit personleg læringshinder for eindel av desse elevane. Det største betringspotensialet generelt, ligg i å få fleire elevar over på nivå 4 og 5 i løpet av ungdomsskuletida. God tilrettelegging av læringsopplegget for elevar som slit fagleg, kan vere ein god måte å betre læringsutbytet på. Føresetnadene er likevel alltid at eleven greier å motivere seg for å gjere den innsatsen som trengs. Med det nye systemet for leseforedling vi no bruker, kan det bli enklare å finne ut, og synleggjere, korleis den einskilde eleven kan få til å gjere det betre også i dette i faget.

Resultat: karakterar

Det ligg i evalueringa sin natur at ein ikkje får ei lik vurdering frå skule til skule eller landsdel til landsdel. Det er også naturleg at ein finn forskjellar m.o.t. standpunktakarakter og eksamenskarakter i same fag. Dette fordi standpunkt er basert på ein breiare og djupare kunnskap om eleven sin kompetanse enn kva ein "uniformert" eksamen kan avsløre. Dersom forskjellane er store og vedvarande, bør ein stille spørsmål ved vurderingspraksisen. Ein vanleg tendens på landsbasis er at snittkarakterane på standpunkt er høgare enn på eksamen.

Samanheng standpunkt - eksamen:

Vi ser at i matematikk er det relativt stor skilnad mellom standpunktakarakter og eksamen. Slike avvik ser ein også hjå dei vi samaliknar oss med, men skilnaden er større i Radøy. Det må ein ta med seg inn i den vidare kvalitetsutviklinga av vurderingsarbeidet ved ungdomsskulen.

Auka fokus på rekning som grunnleggjande ferdighet er eit av satsingsområda for ungdomskulen frå hausten 2016, som del av den nasjonale ungdomsskulesatsinga - "Ungdomstrinn i utvikling".

I norsk er skilnaden mellom standpunkt og eksamen på eit lågare nivå enn i matematikk, men framleis noko stor.

Noko som ikkje går fram av ein slik statistikk, er skilnad som kan vere mellom klassar m.o.t. nivå. Standpunkt viser eit gjennomsnitt for alle klassane, medan eksamen viser resultat for den klassen som vart prøvd i dette faget.

Slik karakterstatistikk kan brukast av ungdomsskulen til å reflektere rundt nivåvurderinga i vurderingsarbeidet, med tanke på å sjå samsvar mellom standpunkt og eksamen.

Grunnskulepoeng

Radøy ungdomsskule har laga eit system for vurdering som skal ivareta krava i føresegne, og syte for ein relevant kvalitet i vurderinga. Dette er viktig for å bidra til at alle som deltar i læringsarbeidet, skal ha mest mogeleg lik forståing av kva kompetansevurdering er - og kva krav føresegne set til slik vurdering.

Vi skal vere obs på at grunnskulepoenga er rekna ut på gjennomsnittet av standpunkt x 10. Dersom det skulle vere relevant å samanlikne desse poenga, burde ein vere trygg på at det er ein lik vurderingskultur på alle skular og kommunar. Det er det ikkje - og då kan ein sjølv sagt stille spørsmål ved nytten av slik direkte samanlikning. Det kan likevel vere av ein viss verdi å sjå seg sjølv opp mot andre relevante kommunar, i forhold til om ein har store avvik den eine eller den andre vegen. Store avvik kan vere eit teikn på at ein må sjå på og evaluere eigen vurderingspraksis.

Sett over tid ligg Radøy ganske så stabilt når det gjeld grunnskulepoeng. Utviklinga frå 2011- 2016 viser ein gradvis auke for Radøy elevane, og samanlikna med andre relevante grupper er vi omleg heilt på snitt med dei. Dette tyder at elevane frå Radøy konkurrerer om plass i vidaregåande skule på tilnærma heilt like vilkår med elevar frå resten av fylket.

Gjennomføring: Overgang grunnskule - vidaregåande skule

Sett frå eit overordna samfunnsperspektiv, vil kanskje graden av gjennomføring av vidaregåande utdanning, vere den viktigaste kvalitetsindikatoren å måle Radøyskulen opp mot. For å kunne gjere

det treng vi andre og meir omfattande verkty enn det vi har i dag. Radøy kommune har i lag med andre kommunar i Hordaland og Fylkesmannen i Hordaland starta eit samarbeid med Hordaland Fylkeskommune for å få kunnskap om og ovversikt over korleis det går med våre elevar på vidaregåande skule. Gjennom dette samarbeidet er målet å utarbeide årlege rapportar for kvar einskild kommune i Hordaland med oversikt over mellom anna fråfall, gjennomføring, fråver og karakterutvikling. Dette vil gje oss viktig informasjon om korleis elevane frå Radøy klarar seg etter grunnskulen, samanlikna med elevar frå andre kommunar.

Konklusjon

Kvalitetsmeldinga frå 2011 drog opp retninga for det vidare arbeidet med å utvikla skulen i Radøy. Kvalitetsmeldinga har ein tiltaksdel som byggjer på nyare forsking om kva som verkar når det gjeld å betre elevane si læring. Tiltaksdelen har fått namnet "La linea". Det er gjort for å skape eit eintydig omgrep for ei tverretatleg satsing m.o.t. tidleg innsats i følgje med barna frå svangerskap til dei går ut av grunnskulen. La linea har både ei kortisktig og ei langsiktig intensjonskraft som skal verke gjennom eit tverretatleg og systemisk arbeid. Det er viktig å sjå på dei årlege tilstandsrapportane som løypemeldingar langs det langsiktige perspektivet i La linea. Dersom vi lukkast godt med det systemiske arbeidet, skal implementering av tiltaka gradvis gi ei langtidsverkande positiv utvikling for borna i Radøy.

Det skjer mykje langs La linea - både når det gjeld implementering av dei tiltaka som var skisserte pr. medio april 2011, og når det gjeld påfyll av nye aktørar og tiltak. Det vert i desse dagar arbeida med å lage ein oppdatert og elektronisk utgåve av La Linea, der Radøy er med som Pilotkommune.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet tek Tilstandsrapport for grunnskulen i Radøy 2016 til orientering

Formannskapet i Radøy - 091/2016

FS - handsaming:

Kommunalsjef oppvekst, Jo Tømmerbakke gav ei grundig og god orientering om tilstandsrapporten for Radøy-skulen.

Kommunalsjefen sa at Tilstandsrapporten må sjåast på som ei løypemelding inn mot det utviklingsarbeidet som kommunen har sett i gang langs La linea, som vart godkjent i april 2011.

Han viste til at sidan forrige tilstandsrapport er elevundersøkinga i Radøy gjort obligatorisk for alle elevar i kommunen frå 5. - 10. trinn kvart år, for å få eit breiare vurderingsgrunnlag.

Kommunen og skulane sitt lovpålagte internkontrollsysteem i høve elevane sitt skolemiljø etter kap 9a i Opplæringslova er blitt revidert, oppdatert og vidareutvikla våren 2016.

Alle skulane har fokus på læringsmiljøet - både med direkte trivselstiltak, og ved å satsa meir på meistring for alle i fag. Elevane sitt psykososiale miljø skal vera tema på begge klasseforeldremøta gjennom året. Eleven sitt psykososiale skolemiljø er eit fast punkt på elev og foreldresamtale haust og vår.

Kommunalsjefen sa at det er eit mål for Radøy å ha ein tilfredsstillande lærartettleik, dvs. at det ikkje vert for mange elevar pr lærar.

Kvalitetsmeldinga frå 2011 drog opp retninga for det vidare arbeidet med å utvikla skulen i Radøy (La Linea). Det skjer mykje langs La linea - både når det gjeld implementering av dei tiltaka som var skisserte pr. medio april 2011, og når det gjeld påfyll av nye aktørar og tiltak. Kommunalsjefen opplyste at det i desse dagar vert arbeidd med å laga ei oppdatert og elektronisk utgåve av La Linea, der Radøy er med som Pilotkommune.

Han informerte vidare om at Radøy kommune i lag med Fylkesmannen i Hordaland har starta eit samarbeid med Hordaland Fylkeskommune for å få kunnskap om og oversikt over korleis det går med våre elevar på vidaregåande skule. Gjennom dette samarbeidet er målet å utarbeida årlege rapportar for kvar einskild kommune i Hordaland med oversikt over mellom anna fråfall, gjennomføring, fråver og karakterutvikling. Dette vil gje oss viktig informasjon om korleis elevane frå Radøy klarar seg etter grunnskulen, samanlikna med elevar frå andre kommunar.

Formannskapet vedtok samråystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

Formannskapet tek Tilstandsrapport for grunnskulen i Radøy 2016 til orientering

Vedlegg:

Tilstandsrapport for grunnskulen i Radøy 2016

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
083/2016	Formannskapet i Radøy	PS	29.09.2016
058/2016	Kommunestyret i Radøy	PS	27.10.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Jarle Landås	16/1564	16/11355

Medlemskap i Region Bergen Reiseliv

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Fram til 2012 var reiselivsnæringa i regionen organisert i Nordhordland Reiselivslag. Reiselivslaget vart stifta i 1987 som ein medlemsorganisasjon for verksemder, kommunar og organisasjonar i kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland og Radøy.

Vedtekten til reiselivslaget sa mellom anna at det skulle arbeida for ei sunn utvikling av reiselivet i Nordhordland, til beste for næringa, arbeidsplassane og samfunnet, og vera den lokale reiselivsnæringa sin fellesorganisasjon og talerøyr. Oppgåvene til laget var marknadsføring / profilering, produktkoordinering, vertskapsplikter, informasjons- og opplysningsarbeid, rådgjevingsorgan og drift av den autoriserte turistinformasjonen. Kontingentsatsen til kommunane var 22 kr. pr. innbyggjar.

Bakrunnen for at reiselivslaget vart lagt ned i 2012 var at fleire av kommunane meinte at dei betalte ein for stor del av totalfinansieringa samanlikna med den øvrige reiselivsnæringa, at dei fekk for lite igjen for kronene, og at det var vanskeleg for ein person å drifta eit reiselivslag åleine. Fleire av kommunane trekte seg ut og det var då ikkje finansielt grunnlag for å driva laget vidare.

Ny reiselivsstruktur

I 2012 kom regjeringa sin reiselivsstrategi «Destinasjon Norge». Denne la føringar for ei sterkare samordning og ein betre reiselivsstruktur, sitat:

«Hensikten med en justering av reisemålsselskapsstrukturen er å effektivisere reiselivsnæringen og få mer igjen for de offentlige midlene som bevilges til næringen, samt å gjøre kommunene bedre i stand til å møte reiselivsnæringens behov i utviklingen av helhetlige og gode reiselivsdestinasjoner.»

Hordaland fylkeskommune fylgde dette opp ved å gjennomføra ein prosess for organisering av destinasjonane i fylket. Rapporten frå dette arbeidet tilrår at fylket vert delt i tre destinasjonar:

1. Voss
2. Hardanger
3. Region Bergen med Bergen, Sunnhordland, Nordhordland og Region Vest.

Sunnhordland har valt å stå utanfor ein felles organisasjonsstruktur, men har signalisert at dei ønskjer å delta på fellesprosjekt der det er naturleg.

Region Bergen Reiseliv – Forretningsplan

I den vestlege delen av Hordaland har det vore jobba med temaet «Bergen og kysten». Dette resulterte i ein prosess der ei arbeidsgruppe frå Kysteventyret, Nordhordland og Bergen har utvikla ein forretningsplan for ei felles organisering:

Vision: Vi skal skapa reiselyst!

Målet med ein større region er

- å gjera oss alle moden for vekst. Både nasjonalt, regionalt og internasjonalt
- å oppnå ein sterkare posisjon i høve til alle regionar
- å oppnå synergiar mellom våre 3 regionar
- å styrka lønsemd, auke tal arbeidsplassar og bidra til større volum av tilreisande i kjøpesterke segment.

Strategiar:

1. Marknadsføring og branding. Region Bergen skal gjerast synleg
2. Styrka kultur- og opplevingsregionen med fokus på kongressar, møte og arrangement
3. Produktutvikling og innovasjon
4. Velkomst og service – styrka vertskapsfunksjonen.

Leveransegaranti:

- Styrka medlemane si konkurransekraft / initiera til ny trafikk / bidra til totalutvikling av reiselivsnæringa
- Rett informasjon til rett tid, på rett stad
- Halda eit høgt aktivitetsnivå / vera tidleg ute på nye marknader / vera i forkant av marknadsutviklinga / ha nærleik til marknaden/ søkja stordriftsfordelar
- Ha eit stort kontaktnett / søkja gode alliansar / gje bruk av verkemiddelapparatet og verksemder der vi har eigarskap
- Produsera dei «offisielle publikasjonane» digitalt og på trykk med høg kvalitet, riktig informasjon og best distribusjon
- Ha medarbeidarar med erfaring og god kompetanse

Verksemd:

Den nye, felles satsinga vil gjerast med utgangspunkt i den eksisterande strukturen i Bergen Reiselivslag - og tilpassa denne dei nye behova. Kommunane vil ha ein avtalefesta samarbeidsmodell og reiselivsverksemndene vil ha eit direkte medlemsskap.
Bergen Reiselivslag er i dag ein medlemsorganisasjon der årsmøtet vel styret.

Organisering av Destinasjonsselskapet «Region Bergen Reiseliv»:

Bergen Reiselivslag har i dag 24 årsverk. Det er ein fast administrasjon på 11 medarbeidarar, ein prosjektleiar som jobbar med reiselivssaker for heile Hordaland og 12 årsverk som høyrer til Turistinformasjonen.

At Region Nordhordland og Region Vest vert med og dannar nye «Region Bergen Reiseliv» betyr at det må tilførast 2 årsverk:

- Ein «innanriksminister» som skal arbeida med felles prosjekt innan marknadsføring, sal og

profilering – internt i bergensmarknaden

- Ein «utanriksminister» som skal jobba med produktutvikling med fokus på nettverksbygging, fellesprosjekt, fasilitering, konseptutvikling, initiativtakar og tilretteleggar i regionane.

Det vert oppretta ei nettverksgruppe «Reiseliv» i Kysteventyret og i Region Nordhordland.

Regionrådet i Nordhordland gjennom Nordhordland Utviklingsselskap IKS etablerer ein vertskapsfunksjon for dette.

Personell frå «Region Bergen Reiseliv» som har oppgåver og roller i Nordhordland bidreg inn i nettverksgruppa med kompetanse og aktivitetar som er skildra i forretningsplanen.

Regionen vil ha ein styrepass. Utover dette vil alle medlemmer i Region Nordhordland bli ein del av alle aktivitetane i selskapet og ha tilgang til kompetansen som finst i dei 24 årsverka som allereie er på plass.

Venta effekt ved etablering av "Region Bergen Reiseliv".

Region Bergen Reiseliv, og reiselivsaktørane i dei omkringliggende kommunane spesielt, vil ha ein berekraftig og profesjonell organisasjon, som i utgangspunktet har opparbeidd ein betydeleg posisjon for marknadsføring og sal, nasjonalt og internasjonalt. For utviklinga av denne næringa i Nordhordland vil dette vera eit stort steg i riktig retning for ei styrking og vidareutvikling av næringa. Den nye organisasjonen vil bidra til marknadsføring og sal internt i Region Bergen. På same tid er det eit stort potensiale for å utvikla "kystreiselivet" gjennom ei systematisk og langsiktig satsing. Dette er det sett av ressursar til i denne forretningsmodellen. Ein sterkare Region Bergen vil også forsterke det gode samarbeidet med andre regionar i Hordaland med eigne reisemålsorganisasjonar, ikkje minst der Hordaland fylkeskommune bidrar med målretta ressursar for å stimulera til samarbeid, t.d. gjennom "prosjektleder Hordaland".

Økonomi / Finansiering:

Region Bergen Reiseliv vil ha ein omsetnad på om lag 94 mill. NOK. Det er i budsjettet lagt opp til at kommunane melder seg inn frå hausten 2016, men det er ei opning for at kommunane kan velja å melda seg inn frå og med januar 2017. Fullfinansiering frå 2017 for kommunane i Nordhordland er kr 750 000,-.

I utgangspunktet har dagens Bergen reiselivslag peika på at det i førebuingane vil påløpa nokre kostnadar, t.d. biletetaking, omprofilering, prosjektrettleiing m.v. Her vil ein kunne søkja fylkeskommunen og/eller andre om støtte, men kommunane må vera førebudd på eit spleislag. Me antar at dette kan takast administrativt i kommunane, evt. at Bergen reiselivslag forskotterer utgiftene og at det vert ei eige budsjettsak til hausten.

Budsjettet til Region Bergen Reiseliv (år 2016 må evt. vera ein administrativ dialog mellom Region Reiseliv og kommunane).

Inntektsposter	Region Vest		Nordhordland		Bergen		SUM	
	2016	2017	2016	2017	2016	2017	2016	2017
Kommunale tilskot	700	700	400	750	3 000	4 000	4 100	5 450
HFK, fast tilskot	150	200		150	150	200	300	550
HFK, prosjektleiar					800	800	800	800
Fylkeskommunale prosjekt					500	500	500	500
Medlemmer	150	200	175	200	6 600*	6 800*	6 925	7 200
Private bidrag	50	200						50200
Annonser og kampanjar					18 650	20 000	18 650	20 000
Prosjektinntekter					300	500	300	500
Vertskapssenter					59 000	59 000	59 000	59 000

SUM	1 050	1 300	575	1 100	89 000	91 800	90 625	94 200
------------	--------------	--------------	------------	--------------	---------------	---------------	---------------	---------------

Fordeling av kostnader pr. kommune

Total kostnad	750 000
Fast del pr. kommune	20 000
Resten fordelt etter innbyggartal	590 000

Kommune	Folketal 01.01.2016	Fast del	Etter folketal	Totalt
1252 Modalen	381	20 000	5 356	25 356
1253 Osterøy	7 957	20 000	111 859	131 859
1256 Meland	7 812	20 000	109 821	129 821
1260 Radøy	5 077	20 000	71 372	91 372
1263 Lindås	15 607	20 000	219 403	239 403
1264 Austrheim	2 858	20 000	40 178	60 178
1265 Fedje	576	20 000	8 097	28 097
1266 Masfjorden	1 701	20 000	23 913	43 913
Totalsum	41 969	160 000	590 000	750 000

Sum pr. kommune vert då kr 20 000 i grunnsom pluss kr 14 pr. innbyggjar.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Radøy kommune er positivt innstilt til forretningsplanen for å styrka reiselivssatsinga i Nordhordland, og at den skal vera grunnlaget for ein samarbeidsavtale mellom Region Bergen Reiseliv og kommunane i Nordhordland, representert ved Nordhordland Utviklingsselskap IKS.
2. Samarbeidsavtale vert utarbeidd av Region Bergen Reiseliv og Nordhordland Utviklingsselskap IKS med grunnlag i forretningsplanen og vedtaka i kommunestyra.
Endeleg samarbeidsavtale skal til godkjenning i kommunestyret før signering.
3. Under føresetnad av at endeleg samarbeidsavtale blir godkjent melder Radøy kommune seg inn i Region Bergen Reiseliv frå 1.1.2017, og betalar medlemskontingent i tråd med forslag til forretningsplan og saksgrunnlaget. Midlane blir henta frå disposisjonsfondet.
4. Kommunestyret ser det som viktig med tydeleg nærvær lokalt. Region Bergen Reiseliv må vidareføra og styrka samarbeidet med lokale reiselivsaktørar og Nordhordland Utviklingsselskap IKS. Region Bergen Reiseliv rapporterer årleg til Nordhordland Utviklingsselskap IKS og kommunane.

Formannskapet i Radøy - 083/2016

FS - handsaming:

Dagleg leiar Rune Heradstveit i regionrådet orienterte om det nye reiselivssamarbeidet og svara på spørsmål.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

1. Radøy kommune er positivt innstilt til forretningsplanen for å styrka reiselivssatsinga i Nordhordland, og at den skal vera grunnlaget for ein samarbeidsavtale mellom Region Bergen Reiseliv og kommunane i Nordhordland, representert ved Nordhordland Utviklingsselskap IKS.
2. Samarbeidsavtale vert utarbeidd av Region Bergen Reiseliv og Nordhordland Utviklingsselskap IKS med grunnlag i forretningsplanen og vedtaka i kommunestyra.
Endeleg samarbeidsavtale skal til godkjenning i kommunestyret før signering.
3. Under føresetnad av at endeleg samarbeidsavtale blir godkjent melder Radøy kommune seg inn i Region Bergen Reiseliv frå 1.1.2017, og betalar medlemskontingent i tråd med forslag til forretningsplan og saksgrunnlaget. Midlane blir henta frå disposisjonsfondet.
4. Kommunestyret ser det som viktig med tydeleg nærvær lokalt. Region Bergen Reiseliv må vidareføra og styrka samarbeidet med lokale reiselivsaktørar og Nordhordland Utviklingsselskap IKS. Region Bergen Reiseliv rapporterer årleg til Nordhordland Utviklingsselskap IKS og kommunane.

Vedlegg:

Forretningsmodell - Reiseliv - organisering RegionBergen_2016

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
079/2016	Formannskapet i Radøy	PS	29.09.2016
059/2016	Kommunestyret i Radøy	PS	27.10.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Sveinung Kvamme	16/1006	16/11984

Tertialmelding januar - august 2016

Saksopplysingar:

Rådmannen har utarbeidd eige dokument som tertialmelding for perioden januar – august 2016. Dokumentet er teke inn som vedlegg til denne saka.

Rådmannen syner til dokumentet, og rår til at tertialmeldinga vert teken til orientering.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Tertialmelding for januar – august 2016 vert teken til orientering

Formannskapet i Radøy - 079/2016

FS - handsaming:

Rådmann Jarle Landås orienterte om tertialmeldinga for januar - august, og han konstaterte at det økonomisk ser bra ut i høve til budsjett.

Det kom ulike spørsmål og innspel i drøftinga av terialmeldinga. Etter bestilling fra kommunestyret blir det i denne tertialmeldinga rapportert på status for oppfølging av verbalpunkt i budsjettet.

Kenneth Taule Murberg (H) stilte spørsmål ved om politisk bestilling knytt til nytt barnehagebygg på Bø er følgt godt nok opp. Han etterlyser alternativet med "nøkkelferdig" bygg, som Murberg meiner vil vera den mest effektive og rimelegaste løysinga.

Arbeidsgruppa for ny barnehage har så langt vore ute med anbod for å få grove skisser som kan danna grunnlag for kva barnehage som skal byggast. Skisser og vidare framdrift vil verta lagt fram for formannskapet til drøfting på neste møte.

Formannskapet vedtok samråystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

Tertialmelding for januar – august 2016 vert teken til orientering.

Vedlegg:

Tertialrapport_2016_T2

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
087/2016	Formannskapet i Radøy	PS	19.10.2016
060/2016	Kommunestyret i Radøy	PS	27.10.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Bente Kopperdal Hervik	16/1060	16/7380

Overtaking av eigarskap for Bogatunet og Syltastova

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Bogatunet og Syltastova er, etter det me kjenner til, dei to eldste bygningane i Radøy kommune. Dei eldste delane på begge desse bygga er tidfesta til slutten av 1500-talet, og begge bygga er difor automatisk freda etter kulturminnelova.

Bygningane er i dag eigd av Nord- og Midhordland sogelag, og ansvaret for drifta er lagt til Radøy sogelag. Grunna problem med å rekruttera nye medlemmer og ein stadig eldre medlemsmasse, vil Nord- og Midhordland sogelag verta lagt ned i løpet av 2016. Nord- og Midhordland sogelag har tatt kontakt Radøy kommune med tilbod om at Radøy kommune kan få overta Bogatunet og Syltastova vederlagsfritt.

Vurdering

Både Bogatunet og Syltastova er svært viktige kulturhistoriske bygg, både lokalt, regionalt og også nasjonalt. Bogatunet er eit såkalla samanbygd anlegg, dvs. at fleire tømmerkjerner med ulike funksjonar er sett inntil kvarandre og dannar ein meir kompleks bygning. Bogatunet er sett saman av eit eldhus, ei røykstove, ei bu med loft og ei glasstove. Slike samanbygde anlegg fanst det mange av tidlegare, men no er det berre få slike anlegg att. Bogatunet er også kjent for krotinga i stova, som er tatt vare på. På tunet er også ei 1800-tals grindverksløe som er flytta frå Sævdal, og ein steinkjellar.

Syltastova er om lag like gammal som Bogatunet, frå slutten av 1500-talet. Framstova har ei stor, gråsteinsmurt grue med skorstein, men me kan nokså sikkert gå ut frå at stova opphavleg har hatt åre eller røykrom. Syltastova var nytta som bustad heilt fram til 1929, men har og truleg vore nytta som forrådsrom.

Vurdering av moglege eigar- og driftformer

Nord- og Midhordland sogelag er som nemnd eigar av bygga i dag, men ynskjer å leggja ned drifta.

Radøy kommune har vore i dialog med Hordaland fylkeskommune, Museumssenteret i Hordaland og med Radøy sogelag med spørsmål om nokon av dei kan overta eigarskapen av bygga, men alle har gjeve tilbakemelding om at det ikkje er aktuelt å stå som eigar av bygga. Både sogelaget og museumssenteret er interesserte i å vera med å ta vare på bygningane og å nytta dei i formidling, dersom for eksempel kommunen står som eigar og det vert tilført midlar til drift og vedlikehald. Slik rådmannen vurderer det, er kommunen nøydd å gå inn på eigarsida i desse tuna for å sikra at dei vert tatt vare på også i framtida.

Rådmannen har vurdert fleire aktuelle eigar- og driftsformer:

1. Kommunen kan sjølv stå som eigar:

Om kommunen står som eigar sikrar ein seg full råderett over bygningane, og kontroll med utvikling, vedlikehald og drift. Dersom ein seinare bestemmer seg for andre eigarskapsformer, kan dette gjerast om.

Den største bakdelen med at kommunen sjølv står som eigar, er at ein då ikkje kan søkja på dei midlane som kvart år vert sett av i statsbudsjettet til freda bygg (kap 1429 post 71). Dette er tilskot som vert gjeve til heil eller delvis dekning av meirutgifter i samband med istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel i samband med fredingsføremålet. Hordaland fylkeskommune fekk 2015 fordelt 11,2 millionar kroner til vidare fordeling. Det statlege kulturminnefondet gjev også berre unntaksvis tilskot til kulturminne i kommunal eige.

Hordaland fylkeskommune har ei tilskotsordning som dei kallar «vern og vøl» som ikkje utelukkar kommunar frå å søkja midlar freda bygg som kommunen eig. Det er imidlertid langt mindre midlar til fordeling her enn frå potten til freda bygg. Det er også mogleg å søkja KUP-midlar (Kulturelt utviklingsprogram) og RUP-midlar (regionale utviklingsprosjekt) frå Hordaland fylkeskommune til utviklingsprosjekt. Kommunen som eigar av kulturminne er såleis ikkje utelukka frå offentleg støtte. Det er også mogleg å søkja støtte frå private tilskotsgjevarar som t.d. Stiftelsen Uni.

2. Kommunen som eigar, med andre som forvaltar:

Om kommunen står som eigar, kan ein også inngå avtale med andre om forvalting av bygningane. Museumssenteret i Hordaland er villige til å ta på seg tilsyn og vedlikehald av bygningane dersom dei får tilført midlar. Museumssenteret stipulerte i 2013 at dersom dei skulle ta på seg drifta, ville dette koma på kring 220 000 kroner. Dette inkluderte lønsutgifter til person som skal ha overordna ansvar for tilrettelegging, kontakt, administrasjon, løn til vedlikehald, ekstrahjelp og rekneskap, men ikkje formidling og arrangement på tuna. Ein kan ikkje sjå at dette er aktuelt å gå inn på ei slik avtale med den kostnadene som Museumssenteret stipulerte.

Det har også vore diskutert om ein kan få til ei stilling underlagt museumssenteret i Hordaland som kan ta ansvar for tilsyn og vedlikehald på freda bygg i heile eller delar av Nordhordland. Dette er ei organisering som ligg lenger fram i tid. Per i dag er dette ikkje ei aktuell driftsform.

Rådmannen meiner at ei meir aktuell løysing vil vera å gå i samarbeid med eit lag i kommunen om drift og vedlikehald av bygget mot ei årleg godtgjersle. Radøy sogelag eller eit lokalt grändalag er naturleg å tenkja seg som samarbeidspartner. Det kan også vera aktuelt å forsøkja

å få etablert venelag som kan bidra til drift og vedlikehald, slik som t.d. veneforeininga til Vestnorsk utvandringssenter og Almåsgårdenes venner i Åsane.

Jamvel om ein inngår ein langsiktning avtale med eit lag om drift og forvaltning av bygningane, kan ein ikkje søkja midlar frå potten som er sett av til freda bygg i statsbudsjettet.

3. Stifting

Dersom ein organiserer eigarskapen av Bogatunet og Syltastova som éi eller to stiftningar, kan stiftinga søkja midlar frå potten til freda bygg. Ei stifting kan såleis vera ein økonomisk gunstig eigarform for kommunen.

Ei stifting har ingen eigar. Det er styret i stiftinga som «bestemmer», og styret er berre bunde av føremålet med stiftinga. Ein difor har ingen garanti for at stiftinga driv slik kommunen ønskjer, og innrettinga kan slik verta mindre demokratisk. Ein annan konsekvens er at eventuelle endringar i vedtekter og liknande vill vera meir arbeids- og tidkrevjande med krav om omdanning og godkjenning av Stiftelsestilsynet.

Trass i dette er stiftingsforma mykje nytta i kultursektoren. For kommunen og eventuelt andre tilskotsytarar vil det mellom anna vera viktig med utfyllande og tenlege vedtekter og etablering av eit engasjert og kompetent styre. Manglande styring kan i noko grad bøtast ved vedtektsfesta rett til å peika ut styremedlem.

4. Aksjeselskap med ideelt formål

Det kan også tenkjast ein modell med aksjeselskap med ideelt formål. Eit ideelt aksjeselskap gjev ikkje utbytte til aksjonærane, men mogleg overskot skal gå tilbake til verksemda. Dette er ei fleksibel organisasjonsform, med moglegheit for å inkludera nye eigarar. Ansvaret er avgrensa. Eit aksjeselskap har ei generalforsamling som sikrar eigaengasjement. Ein kan også vedtektsfesta ålmenta sine høve til å kjøpa aksjar.

Eit aksjeselskap med ideelt formål er ikkje utelukka frå å søkja midlar frå midlane som er sett av til freda bygg i statsbudsjettet.

Rådmannen meiner at den beste løysinga, i alle fall i første omgang, vil vera at kommunen sjølv står som eigar av Bogatunet og Syltastova. På den måten får ein sikra at både Bogatunet og Syltastova vert tatt hand om. Rådmannen rår også til at ein inngår avtale eller samarbeid med frivillige lag eller privatpersonar om vedlikehald, tilsyn og drift av anlegga då kommunen sine eigne ressursar til dette er avgrensa. Om ein seinare finn ut at stifting eller anna eigarskapsmodell vil vera betre, er dette mogleg å endra.

Sikring, tilsyn og vedlikehald

Både Bogatunet og Syltastova er i relativt god stand slik dei står i dag. Det er oppdaga to lekkasjar i Bogatunet, der den eine av desse er tetta. Det er også oppdagga nokre mindre lekkasjar i løa på Bogatunet som bør tettast snarast. I Syltastova har det tidlegare i år vore ein større lekkasje. Hordaland fylkeskommune har sagt seg villig til å stå for reparasjon på Syltastova, men på grunn av manglande tilgang til fagfolk med kompetanse på legging av torvtak med never, har ikkje arbeidet kome i gang enno. Med unntak av desse reparasjonane er det tilsyn, skjøtsel av uteområdet og lettare vedlikehald som krev ressursar. Med meir jamleg tilsyn vil kunna hindra at det vert naudsynt

med større utbetringar framover.

Både Bogatunet og Syltastova bør ha tilsyn minst kvar 14 dag gjennom heile året, og etter behov. I sommarsesongen må ein også setja av tid til lettare vedlikehald som å beising, kitting av vindauge og anna førefallande arbeid, samt til å stella uteområdet. Stipulert tidsbruk vil vera 40 timer i året i Syltastova og 160 timer på Bogatunet. Dette kan løysast gjennom å løna nokon for å gje denne jobben, eller ein kan få eit lag til å ta på seg arbeidet mot ei godtgjersle til laget.

Det er ikkje god nok brannsikring på anlegga. Rådmannen har difor henta inn tilbod på brannanlegg både på Syltastova og Bogatunet. Ut frå tilboden me har henta inn, vil dette anlegget kosta 84 765 kroner på Bogatunet. I tillegg kjem graving av grøft mellom våningshuset og løa som vil koma på om lag 15 000 kroner. I Syltastova vil anlegget koma på 54 968 kroner. I Syltastova vil det også koma til utgifter til å leggja inn straum. Desse utgiftene er stipulert til mellom 50 000 og 100 000 avhengig om ein må ha ny stolpe, om ein må gå over fylkesvegen og om ein vel luftline eller kabel inn til huset.

Bruk av tuna til formidling

Bogatunet er i dag open etter avtale med Radøy sogelag, og er elles i bruk tre dagar i samband med skuleklassar som bur på Bogatunet, og i tillegg ved nokre andre arrangement. Syltastova er open etter avtale.

Potensialet for auka bruk er stort, særleg på Bogatunet. Rådmannen ynskjer at Bogatunet skal ha faste opningstider om sommaren som eit tilbod til besøkjande og fastbuande, slik som ein har t.d. i Holmestova i Meland. Opningstidene kan gjerne kombinerast med arrangement i tunet. Om to personar held ope på Bogatunet kvar søndag i sommarsesongen vil dette utgjera ca 80 timer. Bygga bør i tillegg framleis vera opne etter avtale og nyttast av skuleklassar og til andre arrangement. Totalt kan ein rekna med kring 100 timer opningstid i løpet av året. Ein kan forsøka å få dette til på frivillig basis gjennom eit lag eller ei veneforeining, eller ein kan løna nokon for å ta på seg å halda ope.

Utvikling

For å utnytta potensialet på Bogatunet bør det installast vassklosett, og eventuelt eit enkelt kjøkken i løa, som ikkje er freda. Då vil ein på ein langt betre måte kunna ta i mot folk i tunet. Ein vil då også kunna tilby enkel servering som t.d. kaffi og vaflar i opningstidene. Det er ikkje kommunalt vatn i området. Om ein skal realisera planane om kjøkken og toalett må ein anten leggja kommunalt vatn, eller bora etter vatn.

Det er også ynskje om å få laga grusveg opp til tunet for å letta tilgangen for rørslehemma. Ein slik grusveg er tatt inn i reguleringsplanen for Boga og Nordrevågen, men areal til veg må sikrast gjennom avtale med grunneigar.

Syltastova er lita og ligg slik til at potensialet for utvikling er avgrensa. Me ser difor ikkje for oss at det er aktuelt med større investeringar for å auka bruksmogleheitene der.

Både Bogatunet og Syltastova bør skiltast med informasjonstavler.

Kostnader

Kostnadene er avhengig av om ein får frivillige eller eit lag til å ta på seg tilsyn og vedlikehand, eller om ein må leiga inn hjelp til dette. Kor mykje ein vel å halda ope for publikum har også innverknad på kostnadene. Budsjettet nedanfor er basert på at ein leiger inn nokon til å ta på seg tilsyn og vedlikehald, og til å halda ope.

Stipulerete årlege faste utgifter

Forsikring og straum	20 000 kr
Tilsyn og vedlikehald 200 timer à kr 250	50 000 kr
Drift (halda ope) 100 timer à kr 200	20 000 kr
Diverse utgifter til vedlikehald	10 000 kr
Diverse utgifter	5 000 kr
 Totalt	

Investeringar til sikring

Brann- og tjuverisikring	155 000 kr
Straum Syltastova	50 000-100 000

Ein kan også søkja midlar til brann- og innbrotssikring av tuna. Om ein får tilskot, vil summane vera lågare.

Utgifter til vidareutvikling av tuna som t.d. kjøkken, toalett, skilting m.m. er ikkje tatt med då dette ikkje er naudsynte tiltak.

Inntekter

Stipulerete årlege inntekter ut frå dagens besøkstal

Billettinntekter	200 stk à kr 50	10.000 kr
------------------	-----------------	-----------

Konklusjon

Radøy kommune bør overta eigarskapen av Bogatunet og Syltastova for å sikra at bygningane vert tatt hand om også framover. Rådmannen vurderer at den beste eigar- og driftsforma vil vera at kommunen står som eigar, men at ein inngår avtale med eitt eller fleire lag om samarbeid om drift av tuna. Det må setjast av midlar til brann- og innbrotssikring av bygga i budsjettet for 2017, og det må setjast av midlar årleg til drift, tilsyn og vedlikehald.

Rådmannen bør jobba vidare med planane for utvikling av tuna.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune overtar eigarskapen av Bogatunet og Syltastova frå Nord- og Midhordland sogelag.

Administrasjonen tar kontakt med aktuelle samarbeidspartnarar med sikte på å få på plass faste rutinar og avtalar for drift, tilsyn og vedlikehald, og faste opningsdagar frå sommaren 2017.

Formannskapet i Radøy - 087/2016

FS - handsaming:

Rådgjevar kultur, Bente K. Hervik, gav ei orientering om dei to viktige kulturhistoriske bygningane frå 1500-1600-talet, og peika på potensialet som ligg i ei satsing på Bogatunet. Nord- og Midhordland sogelag har gitt Radøy kommune tilbod om å overta bygningane vederlagsfritt, og Hervik trekte fram ulike modellar for mogeleg eigarlag.

Fleire representantar meiner det er riktig at kommunen overtek eigarskapen til dei to bygningane.

Kenneth Taule Murberg (H) trur derimot ikkje at kommunen er den beste eigar og forvaltar av bygningane - og heller ikkje er den som best kan få ut potensialet som særleg Bogatunet representerer. Han advara mot nye faste kostnader for kommunen. Murberg meiner kommunen kan bidra, men at det er andre som eig.

Ordførar Jon Askeland meiner kommunen dei seinare åra har vist seg som ein god eigedomsforvaltar. Han understreka at det er kritisk viktig at desse to verdfulle eigedomane no vert sikra for framtida. Askeland er positiv til at andre kan koma inn på driftssida.

Det var seks medlemer i formannskapet under handsaminga av denne saka.

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak mot 1 røyst (Kenneth Taule Murberg (H)).

FS - vedtak:

Radøy kommune overtar eigarskapen av Bogatunet og Syltastova frå Nord- og Midhordland sogelag.

Administrasjonen tar kontakt med aktuelle samarbeidspartnarar med sikte på å få på plass faste rutinar og avtalar for drift, tilsyn og vedlikehald, og faste opningsdagar frå sommaren 2017.

Vedlegg:

Innspel til prosjektplan om eigarskap vedlikehald og driift av Bogatunet og Syltastova(186250) (2)

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
061/2016	Kommunestyret i Radøy	PS	27.10.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Tonje Nepstad Epland	15/1039	16/13363

Plansak 12602015000200 - detaljregulering - Mangerøy industriområde - Kjebogen - Godkjenning

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Saka gjeld handsaming for endeleg godkjenning av detaljregulering for næringsområde på Mangerøy (Jotuntomta).

Forslagsstiller for reguleringsplanen er Radøygruppen AS og utførande konsulent er Arkoconsult AS.

Planområdet er på 108 daa, og er ikkje tidlegare regulert. Området er i Kommuneplan for Radøy kommune 2011-23 sett av til byggjeområde næringsføremål på land og naturområde i sjø. Framlegg til arealbruk på land er i tråd med overordna plan, medan arealbruken næringshamn i sjø er i strid med overordna plan.

Reguleringsplanen har krav til planprogram og konsekvensutgreiing. Planprogrammet vart fastsett i møte i kommunestyret 24.09.2015.

Det er kome inn 11 offentlege og private merknadar til reguleringsplanen etter høyring og offentleg ettersyn, samt motsegn frå Statens vegvesen.

Vurdering av merknader

1) Hordaland Fylkeskommune av 27.01.16:

Areal og transport: Planen opnar opp for industri med tilhøyrande lager og kontor utan avgrensing for kor mange kontorarbeidsplassar som kan etablerast. Hordaland fylkeskommune ber om at det vert sett eit tal på kor mange kontorarbeidsplassar som kan etablerast i området.

Landskap, arkitektur og estetikk: Planområdet ligg i strandsona langs Mangersfjorden. Området er eit viktig utfartsområde og har regionale friluftsverdiar. Planområdet ligg også innafor det

regionale landskapsområde Hellosen. I planen som ligg føre vert det opna opp for industribygging med store volum og høgder. Utbygga har store fjernverknader og vil vera svært synleg i landskapet. Det er sett krav om god materialbruk og terrengetilpassing av tiltaka. Det er viktig at desse føreseggnene vert vidareført i det vidare arbeidet.

Kulturminne og kulturmiljø: Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styringsmakt for kulturminne og har per i dag ikkje kjennskap til automatisk freda eller andre verneverdige kulturminne innanfor planområdet. Dei vurderer òg potensiale for funn av nye automatisk freda kulturminne som lite og har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av arealet søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, ruinlar/tufter m.m. Elles gjer dei merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert. Planen har òg vore lagt fram for Bergens Sjøfartsmuseum som den 16.09.2015 gjennomførte marinarkeologiske undersøkingar innanfor planområdet. Det vart ikkje gjort funn som vert omfatta av kulturminnelova § 14. Hordaland fylkeskommune har ingen vidare merknader til planen når det gjeld kulturminne.

Arkoconsult si vurdering:

Lagt inn tak på maks 15 kontorarbeidsplassar innan føremål BI (industri). Sikra i føresegner, § 2.1.7.

Er lagt inn krav i føresegner § 1.1.1 – 1.1.3 (Fargebruk og materialval, m.m.)

Rådmannen si vurdering:

Det er rådmannen si vurdering at merknader frå Hordaland fylkeskommune er teke omsyn til i planframleggjet.

2) Bergen og omland hamnevesen av 03.12.15:

BOH vurderer planarbeidet å ikkje koma i konflikt med dei interesser som dei er sett til å ivareta.

Dei gjer vidare merksam på at tiltak som bygging, graving, utfylling i sjø, og andre tiltak som kan påverka tryggleik eller framkomeleghet i sjøområdet, krev løyve frå BOH. Slike tiltak må søkast om i god tid då det ikkje er tilstrekkeleg at det blir vist i planen.

Arkoconsult si vurdering:

Blir teke til orientering.

Rådmannen sin vurdering:

Teke til vitande.

3) Fiskeridirektoratet av 23.12.15:

Opplyser at dei ved oppstart gjorde merksam på at det er registrert gyteområde torsk i Hellosen mellom Toska og fastlandet, og på den andre sida av Grønholmane. Ca 800 m i luftline vest for industriområdet er det etablert oppdrettsanlegg med oppdrett av matfisk av laks og aure.

Dei har òg bede om at tiltak som t.d. sprengning i sjø og strandsone, og utfylling av massar i sjøområde, vert utført på ein skånsom måte m.o.t. gyttetid for torsk (februar – mars) og av omsyn til drift av oppdrettsanlegget.

Dei føreset at utfyllingsmassar vert kontrollert for miljøfarlege stoff før utfylling i sjø. Ifylling av sprengstein i sjøområda medfører risiko for blakking av sjøvatn og nedslamming i tilgrensande sjøområde og dei kan ikkje sjå at risiko og avbøtande tiltak er vurdert i konsekvensutgreiinga. Dei gjer merksam på at blakking av sjøvatn og nedslamming kan representera trugsmål mot fisk og anna liv i sjøen, og føreset at spørsmålet vert teke opp og vurdert som supplement til konsekvensutgreiinga.

Arkoconsult si vurdering:

KU oppdaterast/rev. i høve til blakking av sjøvatn og nedslamming.

Lagt inn krav i føresegner om at utfyllingsmassar vert kontrollert for miljøfarlege stoff før utfylling i sjø.

Rådmannen si vurdering:

Det er i føresegna pkt. 1.3.1 sett krav om at det berre skal nyttast reine massar til utfylling i sjø:

«Det skal berre nyttast reine steinmasser til utfylling i sjø.»

Det er i føresegna pkt. 6.1.2 sikra at sprenging under vatn ikkje kan skje i gyteperioden for torsk frå 1. februar til 31. mars. Rådmannen føreset at Fiskeridirektoratet sin merknad om at også øvrige arbeid i sjø og strandsone vert utført skånsamt, vert følgd.

Det er rådmannen si vurdering at merknad frå Fiskeridirektoratet er teke omsyn til i planframleggjaget.

4) Kystverket av 11.12.15:

Viser til at dei ved oppstart har gjort merksam på at ein må vurdera behov for merking av leia inn til kai og ta høgde for ISPS-reglementet som gjeld for hamneanlegg der ein tek i mot fartøy i internasjonal trafikk. Dei kan ikkje sjå at det er gjort noko vurdering av merking av innseglingsplanskildringa. Det er heller ikkje sagt noko om tilkomst og manøvreringsmogelegeiteter i hamneområdet. Etter opplysning frå Radøy-gruppen er det snakk om:

- Borerigg (L: 120 m, B: 60m) 1-2 gonger årleg
- Store skip (L: 180 m, B: 40m) 1-2 gonger årleg
- Store skip og lektore, 10-20 gonger årleg

- Kranskip, 8-12 gonger årleg

Dei har bede sine losar om å vurdera dette i høve til framkomelegheit og tryggleik i innseglinga. Innseglinga til den planlagde industrihamna er ganske trøng som følgje av relativt grunt område aust for Grønholmane (rundt 8-10 m). Avhengig av om det er riggar med eller utan eiga framdrift vil kravet til djupne liggja mellom -10 til -16 m. Slik tilhøva er i innseglinga i dag vil det vera særskilt vanskeleg å ta inn riggar, mest sannsynleg er det for grunt til å gjennomføra det i det heile.

Vidare ser dei at det vil vera utfordrande å ta inn større skip som ikkje er godt utstyrt med trøstarar. Kystverket tilråd difor at innseglinga vert utdjupa aust for Grønholmane for å få eit større manøverområde ved ankomst og avgang. Avhengig av kva løysing ein vel bør ein setja opp navigasjonsmerker som markerer 8 m-koten aust for Grønholmane. Det må i så tilfelle utarbeidast ein merkeplan som skal godkjennast av Kystverket Vest. Kystverket kan bistå utbyggjar med å utforma ein slik plan.

Arkoconsult si vurdering:

Konsulent vil ta kontakt for Kystverket for utarbeiding for merkeplan. Elles lagt inn rekjkjefølgjekrav i føresegner, § 1.7.13.

Rådmannen si vurdering:

Rådmannen tek til vitande at forslagsstillar vil utarbeida merkeplan i samsvar med uttale frå Kystverket og at utføring er sikra i føresegna.

Når det gjeld merknad om djupne og trøng for utdjuping av innseglinga aust for Grønholmane tek rådmannen dette til vitande og føreset at det vert løyst i ein eventuell seinare planprosess om verksemda på industriområdet skulle krevja større djupne.

Det er rådmannen si vurdering at merknad frå Kystverket er teke omsyn til i planframleggjet.

5) Statens vegvesen region vest av 15.01.16:

Grunna därleg standard og manglande tilbod til gåande og syklande på vegstrekninga til Selfallet meiner dei at plangrensa må utvidast til å gjelda fylkesveg 410 mot Selfallet og Manger.

Vektlegg også at det må setjast av nok areal til offentleg veggrunn og vegareal i planen og at Handbok N100 Veg- og gateutforming måtte leggast til grunn for planlegging av trafikkareal.

Fv410 frå Manger til Toska er smal og manglar tilbod til mjuke trafikantar, samt at ein bør få med trafikkgrunnlaget frå hyttefelt og båthamn. Dei meiner difor at planen må sendast på ny høyring når vurderingane er lagt inn i planen, fordi konklusjonen i konsekvensvurderinga er viktig for den samla vurderinga av planforslaget.

Viktig å få på plass gang- og sykkelveg frå bustadområdet på Langhøyane og ut til Kjebogen for å sikra trafikksikker tilkomst til friluftsområdet med bade- og fiskeplassar. Om dei 280 m med vegareal til Langhøyane ikkje skal omfattast av planen, må det grunngjenvært betre for dette i

planskildringa.

Viser til at dei kan godta at rekkjefølgjekrav i føresegner om bygging av fortau til Langhøyane vert knytt til byggetrinn 2, felt BI2, men at dette i tillegg også må gjelda BI3. Og i tillegg må planområdet (vegareal) utvidast til Langhøyane. Det er difor knytt motsegn til omsynet til trafikktryggleik.

Vidare saknar dei drøfting av trasè for fortau (kva side av vegen), men kan godta 6 m veg i staden for 6,5 m.

Byggjegrense skal gjelda frå midten av fortau i staden senter veg (grunna at det ikkje er teke omsyn til areal til fortau). Byggjegrensa på 15 meter må visast frå midten av fortau.

Siktlinjer må utvidast til 10 x 54 m og fortau inn på avkjørsle trekkast attende ei billengde for å sikra trafikksikker kryssing for mjuke trafikantar. Før planen vert vedtatt må det utarbeidast tekniske teikningar som viser at krysset/veganlegget kan byggjast som planlagd.

Avkørsel til eigedom gnr. 45 bnr. 12 skal etter vår vurdering ha 4 meter radius. Litt lenger sør-aust er det regulert som gangtilkomst til same eigedomen. Dersom det som er regulert som gangtilkomst tidlegare er avkørsel, må denne ha stengesymbol.

Siktsona i kryss/avkørsel må rettast i samsvar med motsegn.

Er elles div. feil i teiknforklaringa der nokre symbol manglar eller har flytta seg: Stengesymbolet er på feil plass, det er feil symbolbruk for stenging av avkørsel, og stolpar og gjerder er ikkje lagt inn i teiknforklaringa.

Føresegner viser til SKV 3, men det er ikkje SKV3 i plankartet.

Motsegnspunkt:

- Trafikktryggleik, særleg for mjuke trafikantar. Planområdet må utvidast til også å gjelde fylkesveg 410 med fortau fram til reguleringsplan for Langhøyane bustadområde.
- Byggjegrensa for knapp, ikkje tatt nok omsyn til areal som går med til fortau.
- Utforminga av avkørsla frå industriområdet til fylkesveg 410. Avkørsla må utformast som kryss i samsvar med handbok N100.

Arkoconsult si vurdering:

- Utviding av plangrense - *Konsulent har forstått det slik at rekkjefølgjeføresegner knytt til felt BI2 har vore tilstrekkeleg for å sikra vidare regulering og utarbeiding av veg, fortau til Langhøyane.*
- Areal til veggrunn - *Der sett av 2,5 m til AVG (anna veggrunn) langs Fv410.*
- Fv410, trafikkgrunnlaget frå hyttefelt og båthamn. - *Planskildring reviderast med tanke på trafikkgrunnlaget frå hyttefelt og båthamn. Når det gjeld biltrafikk forutset ein at trafikk knytt til hyttefelt og båthamn er teke med i grunnlaget for oppgjeve ÅDT.*
- Gang- og sykkelveg frå bustadområdet på Langhøyane og ut til Kjebogen. Om dei 280 m med vegareal til Langhøyane ikkje skal omfattast av planen må det grunngjenvært betre

for dette i planskildringa. - *Planskildring rev. med betre grunngjeving.*

- Rekkjefølgjekrav i føresegner om bygging av fortau til Langhøyane vert knytt til byggetrin 2, felt BI2, må også gjelda BI3. - *Som tidlegare nemnd er det knytt rekkjefølgjeføresegner til fortau vidare til Langhøyane. BI3 er ikkje teke med her.*
- Drøfting av trasè for fortau (kva side av vegen) - *Planskildring rev. med betre drøfting.*
- Byggjegrense skal gjelda frå midten av fortau i staden senter veg (grunna at det ikkje er teke omsyn til areal til fortau). - *Er lagt inn 2,5 m AVG innafor fortau som sikrar areal til fortau. 15 m byggjegrense frå senter fortau er lagt inn.*
- Siktliner må utvidast til 10 x 54 m og fortau inn på avkjørslle trekkast attende ei billengde - *Siktliner rev. frå 6 x 54 m til 10 x 54 m og fortau vert trekt inn tilsvarande.*
- Avkøyrsel til eigedom gnr. 45 bnr. 12 skal etter vår vurdering ha 4 meter radius. Litt lenger sør-aust er det regulert som gangtilkomst til same eigedomen. Dersom det som er regulert som gangtilkomst tidlegare er avkøyrsel, må denne ha stengesymbol.- *Avkøyrsle endra til 4 m radius. Gangtilkomst til 45/12 er vist med føremål gang-/sykkelveg og er dermed ikkje lenger køyreveg.*
- Feil i teiknforklaringa - *Stengesymbol kan rettast om det er feil. Gjerde og stolpar er fjerna frå plankartet (heller ikkje med i teiknforklaringa).*
- Føresegner viser til SKV 3, men det er ikkje SKV3 i plankartet - *SKV3 retta til SKV2.*
 - Trafikktryggleik, særleg for mijuke trafikantar. Planområdet må utvidast til også å gjelda fylkesveg 410 med fortau fram til reguleringsplan for Langhøyane bustadområde.
 - Byggegrensa for knapp, ikkje tatt nok omsyn til areal som går med til fortau.
 - Utforminga av avkøyrsla frå industriområdet til fylkesveg 410. Avkøyrsla må utformast som kryss i samsvar med handbok N100.

Rådmannen si vurdering:

Statens vegvesen hadde i uttale av 13.01.16 fremja motsegn til planen på følgjande punkt:

- Trafikktryggleik, særleg for mijuke trafikantar. Planområdet må utvidast til også å gjelda fylkesveg 410 med fortau fram til reguleringsplan for Langhøyane bustadområde.
- Byggegrensa for knapp, ikkje tatt nok omsyn til areal som går med til fortau.
- Utforminga av avkøyrsla frå industriområdet til fylkesveg 410. Avkøyrsla må utformast som kryss i samsvar med handbok N100.

Radøy kommune var den 20.01.16 i dialogmøte med Fylkesmannen i Hordaland og Statens

vegvesen.

Byggegrense og utforming av kryss med siktsoner er endra i planen og sendt Statens vegvesen den 07.09.16 for avklaring av motsegn.

Statens vegvesen har fråfalt krav om utviding av planområdet fram til reguleringsplan for Langhøyane, og krav om at rekkefølgjekrav for fortau skal knytast til område BI3.

Når det gjeld krav om utviding av planområdet for å inkludera fylkesvegen er dette erstatta med rekkefølgjekrav.

Når det gjeld krav om rekkefølgjekrav knytt til BI3 har kommunen vist til at eideomen BI3 er ein eideom som er omfatta av reguleringsplan for Mangerøy industriområde frå 2000, og som er knytt til næringsverksemder per i dag. Å knytta rekkefølgjekrav til fylkesveg til denne eideomen ville etter kommunen si vurdering i urimeleg grad råka denne verksemda.

Motsegn frå Statens vegvesen er løyst, jf. brev frå Statens vegvesen av 13.10.16:

Statens vegvesen har tidlegare vorte samde med kommunen om byggjegrense i planen og utforming av kryss. Vi meiner at det nye framlegget med reviderte føresegner tek i vare våre interesser i tilstrekkeleg grad.

Fylkesmannen som samordningsstyremakt er orientert om utfallet av dialogen mellom kommunen og Statens vegvesen.

Reguleringsplanen kan eigengodkjennast i kommunen.

6) Fylkesmannen i Hordaland av 20.01.16:

Fylkesmannen meiner konsekvensar for natur, landskap og friluftsliv er undervurdert i den framlagte planen, og at konflikten knytt til planlagt arealbruk er større enn det som går fram av høyringsdokumenta.

Meiner at støyrerapport har vurdert støysjenanse til å vera noko for låg og at døgn med anløp av skip og mykje aktivitet utandørs vil gje høgare støynivå, men framleis under gjeldane grenseverdiar. Rår difor til at føresegn 1.5.2 vert omformulert/endra til: «*Grenseverdiane gitt i tabell 3 for «øvrig industri» i Miljødirektoratets retningslinjer T1442/2012 gjeld for planen.»*

Vidare at føresegn 1.5.3 endrast til: «*Grenseverdiar for støy i frå bygg- og anleggsverksemder i kapittel 4 i Miljødirektoratets retningslinje T-1442/2012 gjeld for planen, med følgjande tillegg: Støygrensene omfattar også trafikk i anleggsperioden. Sprenging kan skje på verkedagar mellom kl. 0700 og kl. 1600. For opparbeiding av kai er det tillate spunting og djupkomprimering av massar mellom kl. 0700 og kl. 2300.»*

Fylkesmannen si vurdering er at det bør søkjast om utfylling. Store tiltak som medfører fare for spreining av reine sediment er også ei miljøulempe og det er mogleg at tiltaket må handsamast etter forureiningslova.

I 2014 blei det registrert hekkande sandsvale (kategorisert som NT i raudlista for 2015) i den sørlege skråninga av Gerhardspollen. Bør difor takast omsyn til dette når det skal etablerast

fortau langs Toskavegen.

I kommunen sitt vedtak om å leggja reguleringsplanen ut for fyrste gongs høyring og offentleg ettersyn, blei det sett vilkår om at tilhøve for mjuke trafikantar til badeplassen og friluftsområdet Trettholmen måtte vurderast i konsekvensutgreiinga. Utgreiinga på dette punktet er slik vi ser det ikkje god nok. Det er viktig med ei gjennomarbeidd konsekvensutgreiing for å kunna vurdera kva tryggleiktiltak som er naudsynte.

Arkoconsult si vurdering:

Føresegner er endra i samsvar med FM sin merknad når det gjeld støy.

Føresegna § 1.3.1 i føresegner er supplert: «Det skal berre nyttast reine steinmasser til utfylling i sjø.»

Fortau er planlagd på sørsida av Toskavegen og vil ikkje få innverknad på Gerhardspollen (er vist AVG, Anna Veggrunn Grøntareal, mellom veg og poll).

KU er rev. og meir utfyllande i høve til trafikktilhøva for mjuke trafikantar til badeplassen og friluftsområdet Trettholmen

Rådmannen si vurdering:

Rådmannen tek endringane til vitande.

Det er rådmannen si vurdering at merknad frå Fylkesmannen i Hordaland er teke omsyn til i planframlegget

7) Ida og Audun Sjøstrand (gbnr 45/18) av 01.01.16:

Planforslaget er ikkje i samsvar med kommuneplanen (KPA) sine føresegner. KPA krev at planlegging og tiltak skal underordna seg viktige landskapstrekk på staden. "Byggje- og anleggstiltak skal ikkje bryta åsprofilar, landskapssiluettar og horisontliner. Naturgjevne og kulturskapte element som fungerer som blikkfang i landskapet, skal bevarast og styrkast. Bygge- og anleggstiltak som vert eksponert i landskapet skal plasserast og utformast slik at dei tek i vare heilskapen i natur- og kulturlandskapet. Dette gjeld særskilt ved tiltak som ligg ved - og vert eksponert frå sjø.

Planforslaget har ikkje teke omsyn til rikspolitiske retningslinjer om planlegging i kyst- og sjøområde, noko som er høgst kritikkverdig. Inngrepet i naturområde i sjø er langt meir omfattande enn utgreidd og er dermed ikkje tilstrekkeleg belyst. I kapitel 5 i rapporten vert det hevda at influensområdet av planforslaget ligg i randsona til det registrerte gyteområdet Hellosen. Det er imidlertid ikkje kommentert at planforslaget legg opp til inngrep i heile den delen av planområdet som ligg i sjø (ca. 50 daa) ved at dette omregulerast frå naturområde i sjø til hamneområde i sjø. Inngrepet i naturområde i sjø synes difor å vera langt meir omfattande enn utgreidd, og konsekvensane av planforslaget er dermed ikkje tilstrekkeleg belyst.

Det er ikkje samsvar mellom illustrasjonane i planforslaget og det som er heimla i kart og føresegner. Planskildring inneholdt illustrasjonar som viser to monteringshaller med ulik høgd

med ei samla grunnflate på ca 8 000 m². Men plankart og føresegner opnar for langt større utbygging enn vist på illustrasjonene; ca. 11 600 m² og byggjehøgd opp til c+ 47,5 m i heile BI1, og ingen begrensning på plassering av bygningar innanfor BI1. Heller ingen begrensninger storlek på hallar, ingen føresegner som tilseier at den eine hallen skal vera lågare enn den andre. Det tillatast ei rekje bygg og installasjoner som ikkje er vist på illustrasjonane. Inkludert ein 60 m høg kran, med 100 meter bom, 6 800 m² bygningsmasse på BI2 og BI3, tette gjerder med ubegrensa høgd, flatplanering av 40 daa kupert terreng, samt mellombelse tiltak som pukkverk.

Det er eit grunnleggande prinsipp at illustrasjoner til reguleringsplaner skal visa maks utbygging. Dei kan ikkje sjå at det er synleggjort for beslutningstakarne eller berørte partar kva planforslaget faktisk inneber. Er kritisk til at rådmannen tilrår at eit planforslag med så vesentlege manglar vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Dei anser at eit vedtak i tråd med planforslaget vil hindra ei positiv framtidig utvikling i området.

Konsekvensutgreiinga tar svært lite omsyn til dei 16 husa og hyttene som ligg i umiddelbar nærleik av planområdet. Toskavegen 221 (gnr.45/18) er ikkje ein fritidsbustad, slik konsekvenutgreiinga hevdar. Eigedomen vert beskatta som landbrukseigedom med kommunale avgifter for heilårsbustad.

Konsekvensutgreiinga viser bekymring for turstien til Skageneset, men ikkje til dei to småbåthamnene i Mangerøy og på Mangersholmen, badeplassane i Rossnesbukta, ved Toskavegen og på Trettholmen (Bergen og Omland friluftsråd), og ikkje minst fiskeplassane langs Toskavegen, på Mangersholmen, Trettholmen og Maggo, samt fisket i fjorden, både yrkes- og fritidsfisket.

Forslagsstillar vektlegg framtidige arbeidsplassar som eit viktig argument for å vedta planen, men forslagsstillar tar ikkje inn over seg dei negative økonomiske ringverknadane planen fører med seg. Det som på sikt vil gå tapt ved å opna for ei utbygging i det omfang som planforslaget legg til rette for, vil etter deira skjøn overskugga dei kortskiftige gevinstane ved å tillata utbygginga.

Av omsyn til framtidig utvikling i området bør området regulerast til utbygging i forsvarleg omfang, i tråd med KPA. Dette vil hindra øydeleggjande inngrep i eit viktig naturområde, og redusera den skjemmande verknaden av anlegget.

Konklusjon:

Meiner det må framgå klart og tydeleg i kva grad planforslaget bryt med føresegnehene til kommuneplanen og planforslaget må vurderast opp mot føresegnehene i riks-politiske retningslinjer om planlegging i kyst- og sjøområde.

Planforslaget sitt reelle omfang må leggast til grunn ved ei ny utgreiing av konsekvensar for naturmangfold. Kart og føresegner må gjerast i samsvar med planskildringa sine illustrasjoner ved at det omfanget som er illustrert vert låst gjennom begrensningar nedfelt i kart og føresegner. Meiner det ville vera galt av Radøy kommune å tillata ei massiv og skjemmande verftsindustriutbygging på Jotunomten når det strir så sterkt mot kommunen sin eigen kommuneplan, mot viktige verneinteresser, mot statlege retningsliner og gjeldande lovverk, og

i tillegg etter deira skjøn vil øydeleggja for ei positiv framtidig utvikling i området på sikt.

Arkoconsult si vurdering:

Planområdet er regulert til industri og er i samsvar med overordna kommuneplan. Er også delvis planert frå tidlegare bruk som næring (Jotun).

Det var også kaiområde i det aktuelle området då Jotun dreiv verksemd her, sjølv om det kaiområdet er betydeleg utvida i dette planframlegget. Plankonsulent ser det difor som naturlig at det er hamneområde i det aktuelle området, noko som også er naudsynt i høve til den verksemd som no er planlagd her.

Illustrasjonar syner dei to hovudbygga, monteringshallane, med planlagd storleik og maks høgd (på eine bygget). Kran er ikkje vist. Elles ligg det ein del eksisterande bygg i planområdet og desse vert vidareført og nyttा i nytt planframlegg.

Maks utnytting vert på 11.550 m². Trekk ein ifrå monteringshallane, eksisterande bygg samt ca 1500 m² parkering; 11.550 m² – 8000 – 1500 = 2050 m². Dersom dette samlast i eit bygg kan det verta 40 x 50 m. Er ikkje planlagd større bygg/hallar utover dei 2 framfor kaiområde.

45/18 er registrert som fritidsbustad.

Planframlegget er hovudsakleg i samsvar med kommuneplanen (KPA), bortsett frå sjøområdet som er regulert til kai/hamneområde i sjø, men KPA legg ikkje begrensingar i planområdet på byggjehøgd eller utnytting.

Rådmannen si vurdering:

Gbnr 45/18 er truleg nyttा som fritidsbustad, men er registrert som ein landbrukseigedom. Dette bør rettast i planskildringa.

Kommuneplanen kap. 2.8.3 om natur, landskap og grønstruktur, er generelle føresegner. Føresegna er rettleiande i reguleringsplanarbeid, men vil kunna fråvikast. I industriområde særskilt må omsynet til å leggja til rette for industri, også arealkrevjande industri, vektast mot omsynet til natur og landskap. Kommunen vil i ei heilskapleg vurdering leggja vekt på at det er tenleg å utvida eksisterande industriområde framfor å ta i bruk nye område.

Konsekvensane for sjøområdet er belyst og vurdert i plandokumenta. Det er teke omsyn til gyteområde for torsk i føresegna til planen. Rådmannen viser elles til at styremakter som har mynde i sjøområda har vurdert planen og ikkje har vesentlege merknader.

Det er kart og føresegner som styrer utbygginga i området. Illustrasjonane i planskildringa er berre illustrasjonar.

Planforslaget får konsekvensar for natur og landskap, naturmangfold, friluftsinteresser og kringliggjande eigedomar. Rådmannen meiner at konsekvensutgreiingane som er gjort i planen synleggjer desse konsekvensane. Omsynet til å leggja til rette for næringsverksemder er vekta mot omsynet til andre interesser, der også 0-alternativet har inngått i vurderinga.

Merknaden tek opp tema som også er tema i regionale styremakters sine merknader.

Rådmannen viser difor til vurderinga under desse.

8) Karen Margrete Kristiansen for Margit Kristiansen av 23.12.16:

I samband med Margit Kristiansen (enkje etter Kasper Kristiansen) sin 1/3 eigarskap/heimel til gnr/bnr 45/42, er det i brevs form sendt innspel (krav) både til tiltakshavar sin advokat (Advokatpartner) og arkitekt (Arkoconsult). Innspelet er elles registrert i kommunen sitt saksarkiv. Innspelet er ikkje svara på, verken av advokat eller konsulent. Innspelet er ikkje gjenspegla i føreliggjande detaljregulering.

Arkoconsult si vurdering:

Omhandlar veg- og bruksrett til naust inne på planområdet. Må avklarast privatrettsleg.

Rådmannen si vurdering:

Rådmannen gjer merksam på at privatpersonar ikkje har motsegsrett i plansaker. Rådmannen vurderer at uttalen er av privatrettsleg karakter og må løysast uavhengig av plansaka.

9) John Arild Mangerøy av 04.01.16:

Som deleigar i eidegdom 45/42 så må tilkomst til eidegdom ivaretakast. Det er tinglyst vegrett til naust. Ser på nye skisser at bygga vert bygd lenger sør enn det var stipulert tidlegare. Alternativt må utbyggjar flytta naust til ny lokalitet i området. Det må der vera vegrett til eidegdom/naust.

Arkoconsult si vurdering:

Å flytta naust til ny lokalitet i området kan vera eit alternativ. Må avklarast privatrettsleg.

Rådmannen si vurdering:

Rådmannen vurderer at uttalen er av privatrettsleg karakter og må løysast uavhengig av plansaka.

10) Malin Refsdal Sandnes av 30.12.15:

Påpeikar manglande informasjon tidleg i prosessen, fekk tilsendt mail seint i prosessen etter at dei sjølv etterlyste dette hjå kommunen.

Ønskjer biletet frå si tomt for å sjå korleis dei nye hallane vil påverka deira utsikt.

Er bekymra for trafikktryggleiken då mange køyrer forbi deira innkøyrsle over fartsgrensa (50 km/t). Reknar med at det nye industriområdet vil føra til meir tungtrafikk og ønskjer difor utbetrande tiltak for deira vegsituasjon. Evt. ein fartsdump.

Arkoconsult si vurdering:

Er laga 3-modell som viser korleis hallane vil sjå ut frå hennar eigedom.

Er lagt inn i føresegner at vegen mellom planområde og Selfallet skal regulerast.

Rådmannen si vurdering:

Sandnes sin eigedom ligg ikkje innafor planområdet og er ikkje nabo til planområdet. Ho vart difor i tråd med regelverket ikkje varsle særskilt i oppstartsvarsel, men berre gjennom kunngjering i avis. Etter ynskje frå Sandnes har kommunen varsle ho særskilt ved 1. gongs høyring, samstundes med at varsel gjekk ut til andre privatpersonar og offentlege instansar. Sandnes sin moglegheit til å koma med innspel til plansaka er godt teke i vare.

Ny reguleringsplan for fylkesvegen må vise korleis denne skal utformast. Fartsdumper er eit trafikktryggleikstiltak som må vurderast av Statens vegvesen som vegstyresmakt uavhengig av plansaka.

Endring i plandokument og vurdering av 2. gongs høyring

Plandokumenta er revidert for å imøtegå motsegn frå Statens vegvesen. Endringane gjeld byggegrense mot fylkesveg og teknisk utforming av kryss og råkar etter rådmannen si vurdering berre eigedomen gbnr 45/231. Endringane er sendt på begrensa høyring til eigar av eigedomen gbnr 45/321, Rune Ulvatn.

11) Rune Ulvatn har kome med merknad den 03.05.16:

Vi bekrefter mottakelse av opplysningene. Vi vil videre opplyse at vi motsetter oss de foreslårte endringer. Blant annet bør fortauet plasseres på motsatt side av vegen (norside), noe som vil medføre høyere trafikksikkerhet samt mindre arealbruk av vår eiendom. Vi tar forbehold om å komme tilbake med utdypende merknader.

Vi ber om at tiltakshaver tar kontakt for å avklare hvorvidt det er mulig å komme til en minnelig løsning.

Arkoconsult si vurdering:

Det er hovudsakleg krav frå Statens vegvesen (SVV) som har medført dei endringar Ulvatn motset seg. Tiltakshavar og plankonsulent har vore i møte med Ulvatn og hans advokat saman med planadv. i kommunen og ein kome her fram til ein løysing som kommunen skulle ta vidare med SVV.

Etter div. korrespondanse mellom kommunen og SVV opplys sistnemnde i brev dagsett 13.10.2016 at siste planframlegg tek i vare deira interesser i tilstrekkeleg grad.

Rådmannen si vurdering:


Kommunen har den 13.10.16 motteke kopi av avtale mellom Radøygruppen AS og Rune Ulvatn som stadfestar at merknad frå Rune Ulvatn er løyst. Rådmannen tek avtalen til vitande.

Det er rådmannen si vurdering at øvrige endringar i planen ikkje er av ein slik karakter at det er

trong for å senda planen på full 2. gongs høyring.

Tilhøve til andre arealplanar

Reguleringsplanen overlappar og erstattar delvis reguleringsplan for Mangerøy industriområde, planid. 1260200000200.



Mangerøy industriområde, planid. 12602000000200

LOVGRUNNLAG

Privat framlegg til reguleringsplan vedtakast med heimel i plan- og bygningslova § 12-12:

Når forslag til reguleringsplan er ferdigbehandlet, legges det fram for kommunestyret til vedtak, eventuelt i alternativer. Av saksframlegget skal det framgå hvordan innkomne uttalelser til planforslaget og konsekvensene av planen har vært vurdert, og hvilken betydning disse er tillagt. Kommunestyret må treffen vedtak senest tolv uker etter at planforslaget er ferdigbehandlet. Er kommunestyret ikke enig i forslaget, kan det sende saken tilbake til ny behandling. Det kan gis retningslinjer for det videre arbeid med planen.

Kommunestyrets endelige vedtak om reguleringsplan kan påklages, jf. § 1-9.

Når planen er vedtatt, skal registrerte grunneiere og festere i planområdet, og så vidt mulig andre rettighetshavere i planområdet og naboen til planområdet, når de blir direkte berørt underrettes særskilt ved brev. Underretningen skal inneholde opplysninger om klageadgangen og frist for klage.

Planen med planbeskrivelse skal kunngjøres i minst én avis som er alminnelig lest på stedet og gjøres tilgjengelig gjennom elektroniske medier.

KONKLUSJON

Det er rådmannen si vurdering at konsekvensane av planframlegget er belyst og vurdert.

Merknader til planen er vurdert og nokre av merknadene er innarbeidd i planframlegget. Motsegn fra Statens vegvesen er avklart.

Endringane i planen er ikkje av ein slik art og omfang at det er trøng for 2. gongs høyring og offentleg ettersyn, anna enn for eigedomen gbnr 45/321 som vert direkte råka av endringane. Eigar av gbnr 45/321 har fått endringane til ettersyn og det er inngått privatrettsleg avtale mellom eigar av gnr 45/321 og forslagsstillar som løyser merknader fra gbnr 45/321.

Rådmannen rår til at planframlegg for Mangerøy industriområde – Kjebogen vert godkjent.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innstilling til Kommunestyret:

Reguleringsplan for Mangerøy industriområde – Kjebogen vert godkjent.

Grunngjevinga går fram av saksframstillinga.

Heimel for vedtaket er plan- og bygningslova § 12-12.

PLT-handsaming 26.10.16:

PLT-vedtak 26.10.16:

Innstilling til vedtak frå Hovudutval for plan, landbruk og teknisk:

(Innstilling vert gjort i møte 26.10.16)

Vedlegg:

Planskildring Radøygruppen

Føresegner

Plankart

0_Merknadsskjema

Konsekvensutredning naturm

Marinarkeologisk.rap

Marinarkeologisk.slutt

16828001_RIAKU01_REV1 Mang

Plansak 12602015000200 - detaljregulering - Mangerøy industriområde Jotuntomta - Kjebogen - uttale

Uttale til plansak 1260201

Plansak 12602015000200 - detaljregulering - Mangerøy industriområde - Kjebogen

Plansak 12602015000200 - detaljregulering - Mangerøy industriområde Jotuntomta - Kjebogen - Høyringsuttale

Høyringsuttale planforslag

Merknad til plan Mangerøy industriområde - Kjebogen

Plansak 12602015000200 - detaljregulering - Mangerøy industriområde Jotuntomta - Kjebogen - motsegn

Uttale - Offentleg ettersyn - Radøy - Gnr 45 bnr 10 m fl - Kjebogen - Manger Industriområde - Detaljregulering

Fråsegn til høyring av reguleringsplan, Mangerøy industriområde - Kjebogen. Radøy kommune

15_202530-7Vurdering av motsegn - Reguleringsplan for Mangerøy industriområde - Kjebogen - Radøy kommune

Plansak 12602015000200 - detaljregulering - Mangerøy industriområde Jotuntomta - Kjebogen - Dokument 15/202530-9 Svar - Ber om ny vurdering av motsegn - Mangerøy industriområde Kjebogen - Radøy kommune sendt fra Statens vegvesen

15_202530-13Svar - Vurdering av motsegnspunkt - Framlegg til nye føresegner - Reguleringsplan for Mangerøy industriområde Jotuntomta - Kjebogen - Fv. 410 - Radøy kommune

Plansak 12602015000200 - detaljregulering - Mangerøy industriområde Jotuntomta (L)(103658)

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
062/2016	Kommunestyret i Radøy	PS	27.10.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Rolf Raknes	16/230	16/12590

Kommunal planstrategi Radøy kommune 2016 - 2020 - Vedtak

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Kommunestyret i Radøy kommune vedtok i sak 16/2016 å utarbeide Kommunal Planstrategi I samsvar med reglane I Plan og Bygningslova § 10-1.

Føremålet med kommunal planstrategi er å gjere planlegginga meir føreseieleg, effektiv og målretta, og bidra til ein betre samanheng i plansystemet på alle nivå.

Kommunestyret skal som eit minimum ta stilling til om kommuneplanen skal reviderast i perioden, eller om den skal vidareførast utan endringar.

Prosessen med utarbeiding av ny planstrategi starta med sak i formannskapet 14.04.2016 der det i saka vart orientert om dei faglege forventningane til strategien. Det vart og vedteke vidare prosess. Formannskapet seier i si handsaming:

Formannskapet ber administrasjonen i neste formannskap leggja fram eit opplegg for opplæring/informasjon i kommunestyret 15. juni. Bakrunnen er eit framlegg frå Høgre/Frp i kommunestyret om ei grundig innføring i aktuelle tema og prosessar knytt til planstrategi og planarbeid i perioden.

Formannskapet sitt vedtak 14.04.2016:

Rådmannen legg på neste møte fram for drøfting eit opplegg for opplæring/informasjon knytt til planstrategi og planarbeid i kommunestyret 15. juni.

I perioden fram til møte med kommunestyret vart sektorane utfordra til å komme med innspel til strategien. Det kom innspel frå arkiv, bibliotek, frivilligentralen, helse og sosial og skule.

Følgjande prosessplan vart lagt opp:

Opplæring/drøfting i formannskapet - Mai

Opplæring/temamøte i kommunestyret - Juni

Intern opplæring/utarbeiding/planforum - Juni/Juli/August

Ny utfordring til sektorane - August
Offentleg utlegging - September/Oktober
Politisk handsaming - Oktober

Ut frå dette vart det halde orientering og opplæringsmøte med formannskapet 11.05.2016.

På dette møtet vart det vedteka å halde temamøte med kommunestyret 15.06.2016

Temamæte vart halde med følgjande agenda:

Innleiing med orientering/opplæring om Planstrategi

Gruppearbeid med desse oppgåvane:

Korleis opplevast dagens plansystem:

Kva fungerer godt ? Kva bør endrast ?

Kvífor planlegge? Om ein må prioritera, kva er viktigast?

Korleis kan planstrategien bidra til samfunnsutvikling ?

Gruppene fekk presentert sitt arbeid og det kom fleire gode innspel til det vidare arbeidet med planstrategien. Det kom mellom anna fram at politikarane ynskjer meir medverknad i planarbeid og at planane vert tydelege og forståelege. Likeverd for innbyggjarane er eit ideal. Planar må kunne endrast når føresetnadene er i endring.

Etter temamøtet starta arbeidet med utforming av ny planstrategi. I denne fasen vart det etablert eit lokalt planforum og planstrategien vart presentert og drøfta i det første møtet. Etter avtale i planforum blei det kjørt ein ny runde med sektorane for mogelege nye innspel til strategien.

Framlegg til planstrategi vart so lagt fram og presentert for formannskapet i møte 30.08.2016.

Formannskapet gav følgjande innspel:

- Vil ha med kvalitetsplan for SFO under "detalj- og temaplanar" (som også ligg politisk bestilling på som verbalpunkt i 2016-budsjettet).

- Vil ha med "psykiatri og rus" som eit punkt under "viktige utfordringar" i planstrategien.

- Ein del av utfordringane i planstrategien er knytt til hovudutvalet for plan, landbruk og teknisk sitt fagområde. Det må difor leggast opp til ei drøfting i hovudutvalet om planstrategien.

Formannskapet gjorde følgjande vedtak i sak 16/230:

Formannskapet i Radøy gjev rådmannen mandat til å ferdigstilla dokumentet i samsvar med drøftingar i møtet og leggja Planstrategi for Radøy kommune 2016-2020 ut til offentleg ettersyn.

Etter justering i samsvar med drøfting og innspel frå sektorane vart framlegg til planstrategi lagt ut til offentleg høyring 20.09.2016 med frist for merknad 20.10.2016.

I høyringsperioden har det vore orientert om framlegget mellom anna i hovudutval for plan og teknisk 03.10.2016.

Følgjande har sendt inn merknad innan merknadsfristen 20.10.2016:

Fiskeridirektoratet

Fylkeskommunen

Fylkesmannen

Statens Vegvesen

Vurdering

Planstrategien har med vurdering av utviklingstrekk og utfordringar som kommunen står overfor, både som samfunn og organisasjon, i dei komande åra. Vurderinga gjev grunnlag for å ta stilling til kva planar som må reviderast eller utarbeidast for å oppnå ønskt utvikling.

Oppbygginga av planstrategien føgjer for det meste anbefalingane i rettleiar T1494.

Innhaldet i planstrategien er:

Føremålet med kommunal planstrategi
Kommunen sitt noverande plansystem

Oversikt plansystem

Erfaring og utfordringar med gjeldande kommuneplan

Overordna føringar som er viktige for kommunen sitt behov for planlegging

Regionale føringar og planar (Regional planstrategi)

Utviklingstrekk og utfordringar

Vurdering av trond for planlegging

Plansystemet i rullerande planlegging

Vurdering av kommuneplan

Vurdering av kommunedelplanar

Vurdering av detalj og temaplanar

Prioritering av planoppgåver

Framdriftsplan

Oppsummering

Rådmannen vurderer at planstrategien, gjennom utarbeidninga og med hjelp av gode innspel, har vorte ein god strategi for planarbeidet dei neste åra. Det er fokusert på oppjustering av samfunnsplanane slik at dei vert meir tenlege og samstundes vert tilpassa inn mot kommunesamanslåinga i 2020.

Det har kome inn nokre merknader i høyringsperioden (20/9-16 til 20/10-16).

Vurdering av merknadene:

Fiskeridirektoratet

Radøy kommune sin planstrategi 2016-2020 gjev ein god oversikt over kommunen sitt plansystem, kva kommunen ser som hovudutfordringar og kva for planoppgåver kommunen vil prioritere innafor perioden. Vi saknar ei innhaldsliste, men utover dette har vi ingen merknader til disposisjon og innhald. Fiskeridirektoratet region Vest ser positivt på at Radøy kommune fortsetter arbeidet med delrevision av arealplanen. Vi syner elles til vårt brev av 24.08.2016 der vi gjer greie for Fiskeridirektoratet si rolle i arealplanlegginga, og kva forventingar vi har til kommunen si planlegging.

Kommentar: Rådmannen tek til vitande at fiskeridirektoratet tykkjer planstrategien er god og at dei ser det som positivt at arbeidet med delrevision av kommuneplanen vert vidareført.

Innhaldsliste vert å ta inn i endeleg utgåve.

Fylkeskommunen

Fylkeskommunen har i brev til kommunane 22.02.2016 gitt generelle og temavise synspunkt på prioriteringar i arbeidet med kommunale planstrategiar, og fråsegn til arbeidet med kommunal planstrategi i Radøy i brev av 03.08.2016.

Kommentar: Rådmannen har teke omsyn til fylkeskommunen sine tidlegare råd i utforminga av planstrategien. Det vert teke til vitande at strategien er god når fylkeskommunen ikkje har nye innspel i samband med høyringa.

Fylkesmannen

Framlegget som vi har motteke til offentleg ettersyn dekkjer krav og retningsliner for kva ein planstrategi skal omfatta. Vi merkar oss likevel nokre moment som bør vurderast tatt inn i arbeidet:

Vi ber kommunen om å planlegge med større variasjon i bustadbygginga.

Gjer merksam på at folkehelselova §§ 5 og 6 stiller krav om at ei skriftleg oversikt over helsetilstand og positive og negative faktorar som kan verke inn på denne, skal inngå som grunnlag for arbeidet med kommunens planstrategi.

Målet med fortetting må vere å bygge inkluderande fellesskap for ei blanda befolkning på tvers av alder, sivilstatus, etnisitet og funksjonsevne.

Kommentar: Rådmannen er einig i og har heile tida hatt som intensjon at det i bustadbygginga skal planleggast for fortetting med mangfold i type bustader. I den grad dette er uklart formulert i planframlegget vil ein revidera teksten slik at dette vert tydelegare.

Det er ikkje eit krav at drøfting av folkehelseutfordring skal inn i planstrategien, men at ein bør ha det. I kommuneplanlegginga derimot, er det det eit krav, då det heiter at det skal vera med. Rådmannen ser at det kan leggast inn noko meir data om folkehelsa i strategien, men det vert for mykje om ein skal ta inn heile folkehelseprofilen 2016 utgjeve av folkehelseinstituttet. Det er den profilen som er grunnlag for vurderingane i vår strategi. Referanse til nemnde folkehelseprofil vert å ta inn i planstrategien.

Statens Vegvesen

Vi kom med uttale til planarbeidet i brev av 29.08.2016 . Vi har ikkje innspel ut over dette.

Tidlegare innspel:

Rår til å ha «Samferdsle» som eige tema i planstrategien.

Korleis vil kommunen byggje ut i høve til infrastruktur. Til dømes vil det vere viktig å plassere utbyggingsføremål der ein har godt tilbod til mjuke trafikkantar, og nær viktige servicefunksjonar som skule, butikk mv.

Kommentar: Framlegget har eige kapittel som omhandlar transport og infrastruktur. Omtale av utbygging vert å ta inn under kapittel for langsiktig arealbruk.

Konklusjon

Rådmannen konkluderer med at planstrategi for Radøy kommune 2016 – 2020 no er klar for endeleg vedtak i kommunestyret. Prosessen fram til ferdig strategi har gjeve mange gode kontaktpunkt i administrasjonen og i samarbeidet med politikarane. Diskusjonane omkring plansystem og prioritering av planar er ein viktig og nyttig øvelse i samband med ynskt samfunnsutvikling. Rådmannen vil takke alle som har bidrige til arbeidet.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram til drøfting.